



Foto: Tale M.Heggset

Årsrapport

God Helse partnerskapet **2018**



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innhald

Møre og Romsdal fylkeskommune	s. 4
Møre og Romsdal idrettskrets	s. 6
Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal (ikkje levert)	
Sunnmøre friluftsråd	s. 8
Aukra kommune	s. 10
Aure kommune	s. 12
Averøy kommune (ikkje levert)	
Eide kommune	s. 14
Fræna kommune	s. 16
Giske kommune	s. 18
Gjemnes kommune	s. 20
Halsa kommune	s. 22
Haram kommune	s. 24
Hareid kommune	s. 26
Herøy kommune	s. 28
Kristiansund kommune	s. 30
Midsund kommune	s. 32
Molde kommune	s. 34
Nesset kommune	s. 36
Norddal kommune	s. 38
Rauma kommune	s. 40
Rindal kommune	s. 42
Sandøy kommune	s. 44
Skodje kommune	s. 46
Smøla kommune	s. 48
Stordal kommune	s. 50
Stranda kommune (ikkje levert)	
Sula kommune	s. 52
Sunndal kommune	s. 54
Sykkylven kommune	s. 56
Tingvoll kommune	s. 58
Ulstein kommune	s. 60
Vanylven kommune	s. 62
Vestnes kommune	s. 64
Volda kommune	s. 66
Ørskog kommune	s. 68
Ørsta kommune	s. 70
Ålesund kommune	s. 72

Innleiing

Årsrapporten for God Helse-partnerskapet presenterer eksempel frå mangfaldet av folkehelsearbeid i Møre og Romsdal i 2018. Mykje godt arbeid blir utført i kommunane på tvers av sektorar og fagområde, og i regi av friluftsråda og idrettskretsen.

Grunna lita oppslutning frå kommunane si politiske og administrative leiing blei partnerskapsforum for første gang ikkje gjennomført i 2018. Men i same tidsrom blei det arrangert ei to dagars folkehelsesamling for kommunane der hovudtemaet var det nye Program for folkehelsearbeid i kommunane.

Kultur og folkehelseutvalet har gjort vedtak om at God Helse-partnerskapet og gjeldande partneravtale skal evaluerast (KF-46/16). Arbeidet starta opp i 2018, Møreforskning har fått oppdraget. Formålet er å skaffe fram resultat med tilrådingar om vegen vidare i målretta folkehelsearbeid i fylkeskommunen, her under vidareutvikling av partnerskapsavtalen. I samband med evaluering har det mellom anna vore gjennomført workshop under utvida folkehelsesamling i mai 2018, dokumentstudiar, spørjeundersøking og intervju hausten 2018. Evalueringa og tilråding om vidare vegval skal leggast fram for kultur- og folkehelseutvalet i 2019.

Møre og Romsdal har i åra 2015–2018 vore med i det nasjonale prosjektet om Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse. I dette kartleggings- og utviklingsarbeidet har seks kommunar i fylket delteke. Høgskulen i Volda har vore nær samarbeidspart og dei har også fått ansvar for nasjonal evaluering av prosjektet som omfattar 40 kommunar og 8 fylke. Nasjonal- og regional evaluering vil vere klar våren 2019. Helsevennleg nærmiljø- og lokalsamfunnsutvikling

set menneska i sentrum for samfunnsutviklinga. Gode stader og lokalsamfunn kan gi stor folkehelsemessig gevinst. Nærmiljøprosjektet legg difor til grunn at kommunane best kjenner eigne utfordringar og moglegheiter, og støttar prosessar som gjer at folk flest får auka innflytelse over eigen kvardag og sitt eige lokalmiljø. Erfaringane frå prosjektet vil kunne overførast til utviklings- og planprosessar i kommunane og fylkeskommunen, samt til Program for folkehelsearbeid i kommunane.

Møre og Romsdal fylkeskommune vil i 2019 søkje om deltaking i Program for folkehelsearbeid i kommunane. I 2018 har ein arbeidd med grunnlaget for søknaden gjennom tett dialog med kommunar, forskingsinstitusjonar, kompetansemiljø og andre samarbeidspartnarar. Eit breitt samansett samarbeidsorgan er oppretta med deltaking frå leiarar på politisk nivå, frå høgskular og forskingsmiljø, Fylkesmannen, Helse Møre og Romsdal, NAV, KS, KoRus, Møre og Romsdal idrettskrets og ungdomspanelet i fylkeskommunen. I desember gav fylkestinget si oppslutning om at fylkeskommunen skulle søkje om deltaking i programmet (T-62/18). Satsinga skal bidra til å styrke kommunane sitt langsiktige og systematiske folkehelsearbeid, og særleg bidra til å integrere psykisk helse som ein del av det lokale folkehelsearbeidet, samt fremme lokalt rusførebyggjande arbeid. Barn og unge skal vere ei prioritert målgruppe.

Vi takkar for godt samarbeid i 2018, og ser fram til evaluering av partnerskapet i 2019.

Heidi-Iren Wedlog Olsen
Fylkeskultursjef



Møre og Romsdal fylkeskommune



Foto: Andreas Winter



Midsundtrappene mot Rørsethornet 729 moh. Foto: Hans Roger Tømmervold

1 Samfunns-utvikling for ein god start i livet

Fylkeskommunen starta opp arbeidet med søknad om deltaking i Program for folkehelsearbeid i kommunen. Det ble arrangert samlingar for kommunane i mai på Hustadvika og i desember i Molde (KS var medarrangør i desember). Innspillsbrev vart sendt ut til kommunane på høsten og politisk sak om deltaking i programmet vart lagt fram for fylkestinget i desember.

Heile 87,6 prosent av elevane i vidaregåande skole gjennomførte skoleåret 2017/2018, det høgaste talet sidan målingane starta. 72 prosent av dei som søkte fekk læreplass i 2018, ei auke på 4,1 prosent frå 2017. Fråværet for elevane var på 4,6 prosent førre skoleår, litt høgare enn året før. Likevel var dette det lågaste i landet.

Fiskesprell hadde 18 kurs og 314 deltakere i barnehageåret 2017/2018.

Vi har innført nye rutinar for samarbeid mellom tannhelsetenesta og barnevernstenesta for å avdekke omsorgssvikt hos barn og unge.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Fylkeskommunen har etablert eit eige prosjekt som skal arbeide med å få fleire statlege arbeidsplassar til Møre og Romsdal. Formålet er at eit større innslag av statlege arbeidsplassar i arbeidsmarknadane i Møre og Romsdal, vil gjere dei både meir attraktive og robuste.

Bakgrunnen for prosjektet er at Møre og Romsdal treng fleire statlege arbeidsplassar. Fylket har 4.000 færre statlege arbeidsplassar enn snittet for dei andre fylka, målt etter storleik på arbeidsmarknaden. Dette utgjer nesten like mange arbeidsplassar som Møre og Romsdal mista i nedturen i olje- og leverandørnæringane dei siste 2-3 åra. 4.000 arbeidsplasser representerer ei direkte årleg innsprøyting i den regionale økonomien i fylket på 2 milliardar

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

I november 2018 arrangerte eldrerådet i samarbeid med Pensjonistforbundet – Møre og Romsdal og Nasjonalforeningen for folkehelsen – Møre og Romsdal Fylkeseldrekonferansen 2018 med tittelen: "Aktiv alderdom – leve heile livet". Med årets tittel ønsket man mellom anna å bidra med eit fagleg påfyll til dei kommunale eldreråda og sette temaet på dagsorden ute i kommunane. På programmet var mellom anna Eldre og folkehelseminister, Åse Michaelsen som hadde eit innlegg om Meld.St.15 (2017-2018) Leve hele livet – En kvalitetsreform for eldre. Professor Bjarne Jensen hadde også eit innlegg med tittelen: "Ødelegg dei eldre samfunnsøkonomien?" Konferansen hadde 110 påmeldte, og tilbakemeldingane har vore gode.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Det har også i 2018 vore arbeida med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i kommunane. Det er tilsett ei 50% stilling i kvar av dei to friluftsråda som har hjulpet kommunane med å kome i gang. Fire kommunar er ferdige og mange er i slutfasen av arbeidet. Neste steg fra Miljødirektoratet blir utlysning av tilskot til å utarbeide sti og løypeplanar i dei kommunane som har fullført kartlegginga.

Morotur 2.0

Fylkeskommunen har kome i gang med ei større forbetring av morotur. Ny versjon skal lanserast i 2019 og vil mellom anna innehalde ny design og layout, nytt verktøy for registrering av turar og tekstar omsett til engelsk.

Trafikktryggingarbeidet følger nasjonale og regionale føringar retta mot barn og ungdom under 16 år, ungdomsulykker og styrking av trafikktryggingarbeidet. Eksempel på tiltak som vart gjennomført i 2018 er kampanjen "Barn i bil" og og prosjektet Team#, som som rettar seg spesifikt mot ungdom.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Jenteløftet har som mål å jobbe for at jenter skal spele fotball lengre og er eit prosjekt som er leia av Nordmøre og Romsdal fotballkrets og Sunnmøre fotballkrets. Fotballkretsane er godt i gang med arbeidet, og ei undersøking av fråfall frå fritidsaktivitetar har blitt gjennomført i 2018 av Møre og Romsdal idrettskrets og fylkeskommunen.

Gjennom Kultursekken har 54 000 barn og unge i grunnskule og vidaregåande skule fått møte profesjonelle utøvarar med ulike kulturelle uttrykk. Det er også brukt 2 mill. kroner på å gi eldre kulturopplevingar gjennom ordninga Den kulturelle spaserstokken. Kulturrabatt for unge har gitt unge mellom 15 og 20 år minst 25 prosent avslag på kulturopplevingar. I 2018 vart det seld 17 500 billetter med kulturrabatt.

Gjennom pilotprosjektet LIM (Likeverd, inkludering og mangfald) har vi jobba med frivillig sektor for å stimulere til engasjement og mangfald i kulturlivet og folkehelsearbeidet. VOFO har ansvar for drifta.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Kultur og folkehelseutvalet har gjort vedtak om at God Helse-partnerskapet og gjeldande partnaravtale skal evaluerast. Møreforskning har fått oppdraget. Formålet er å skaffe fram resultat med tilrådingar om vegen vidare i målretta folkehelsearbeid i fylkeskommunen, herunder vidareutvikling av partnaravtalen.

Fylkeskommunen har delteke i nettverk for kommunane i regi av KS knytt til utarbeiding av oversikt over folkehelse.

Fylkeskommunen deltek i KS sitt pilotprosjekt om utvikling av rolla som regional planmynde, prosjektet går ut 2020.

Vi har og hatt ei samling for alle som er utpeika til barn- og unges representant i kommunane.

Fylkeskommunen har starta opp arbeidet med eit nytt anleggspolitisk program knyttet til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, og moglegheiter for toppidrettssatsing i Møre og Romsdal i samarbeid med Olympiatoppen.

7 Nærmiljø-prosjektet

Møre og Romsdal er ein av åtte fylkeskommunar som har vore med i det nasjonale kartleggings- og utviklingsprosjektet om Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse (2015–2018).

Kommunane Giske, Sunndal, Ulstein, Volda, Ørsta og Ålesund er med i prosjektet. Høgskulen i Volda har vore nær samarbeidspart. Til saman 40 kommunar deltek frå åtte fylke. Arbeidet har også vore retta mot kommunar som ikkje deltek i prosjektet.

Våren 2019 blir det utarbeidd eit erfaringshefte om prosjektet i Møre og Romsdal. Våren 2019 blir også nasjonal evaluering av prosjektet publisert.

MRIK

Møre og Romsdal idrettskrets

Idrettslag: 500

Koordinator i 100 % stilling:

Ellen Cathrine Hammer

E-post: ellen.hammer@idrettsforbundet.no
MRIK@idrettsforbundet.no

Telefon: 408 77 781



Fra markeringen av Verdens aktivitetsdag: Rullator stafett.



1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Aktivitetslederkurs barneidrett

I 2018 har videregående skoler med studiespesialisering idrett gjennomført "Aktivitetslederkurs barneidrett" for sine elever. I tillegg har idrettskretsen arrangert ordinære kurs for trenere og aktivitetsledere i idrettslag.

MRIK bidrar med kompetanseheving til ansatte i SFO og skole på forespørsel. Høsten 2018 ble det gjennomført en aktivitetsdag i Giske kommune. 30 ansatte og 200 barn deltok.

I 2017 innledet MRIK et samarbeid med SMISO Møre og Romsdal. De har ved flere anledninger vært ute i idretten og holdt foredrag, blant annet på kretstinget i april. Fokus har vært på hvordan man kan forebygge at seksuell trakassering og overgrep skjer i idretten og hvordan idrettslaget og andre skal håndtere situasjoner som oppstår.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Aktiv på Dagtid

Aktiv på Dagtid er et tilbud om trening og fysisk aktivitet for mennesker mellom 18 og 67 år som befinner seg i en trygdesituasjon. I Møre og Romsdal startet første kommune opp med tilbudet i 2005 og en kartlegging fra 2018 viser at 13 kommuner i fylket har et tilbud om Aktiv på Dagtid. Mange av tilbudene knytter seg mot arbeidet i Frisklivssentralene.

I 2018 har 6 idrettslag bidratt med idrettslagsaktivitet i Aktiv på Dagtid i kommuner i Møre og Romsdal. Idrettskretsen tildelte midler til disse idrettslagene.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Den gylne spaserstokk

Den gylne spaserstokk er et trimtiltak for eldre som arrangeres av helselag, pensjonistforeninger og andre i samarbeid med de lokale bankene i fylket. Tiltaket har vist seg å være en positiv miljøfaktor ved siden av den helsemessige effekten som gå-trim gir.

MRIK administrer ordningen ved utsending av merker, gåkort, stokker og gåstaver etter bestilling.

Idrettsmerket for voksne

MRIK har ansvar for å sende ut diplomer og medaljer til de som tar Idrettsmerket for 40, 50, 60 og 70 ende gang. I tillegg sender vi ut gull, sølv og bronsemerker. Det å ta idrettsmerket er en fin måte å holde seg i form på og det er mulig for alle å greie kravene med litt trening. Dessverre er det en nedgang i antall merketakere hvert år, i 2017 var det 113 personer fra fylket vårt som tok det, tallen for 2018 er ikke klare ennå.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Det fysiske miljøet er grunnleggende for helse, trivsel og livskvalitet for innbyggerne i Møre og Romsdal og planlegging er sentralt for å legge til rette for innbyggerne sin helse. Arbeidet med spillemidler i Møre og Romsdal skjer i samarbeid mellom Møre og Romsdal fylkeskommune, MRIK, særkretser, Det Frivillige Skyttervesen, idrettsråd, idrettslag og kommuner.

I følge folkehelseloven har kommunene ansvar for å legge til rette for et samarbeid med frivillig sektor. MRIK spiller en viktig rolle ved at den drifter Anleggsrådet. I samarbeid med idrettsråd og kommuner gjennomføres prosessmøter som involverer frivilligheten lokalt frem mot vedtatt kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Idrettskretsen gjennomfører årlig hallfordelingsmøte mellom særretter og kommuner for å tilrettelegge for samarbeid og aktivitet.

NIF har sin egen miljøstrategi gjeldende for hele norsk idrett.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjoner

Frivillige lag og organisasjoner skal være bærekraftige og offensive aktører i sine lokalsamfunn og nå bredt ut i befolkninga. Møre og Romsdal idrettskrets jobber for å få til gode tilbud som kan passe for alle.

I 2018 arrangerte idrettskretsen flere kurs i "Hvordan tilrettelegge for fysisk aktivitet" på en måte som inkluderer alle. Deltakere har vært ansatte i skole og SFO, fysioterapeuter, ergoterapeuter, trenere og ledere i idrettslag, vernepleie- og idrettsfagstudenter.

I 2018 arrangerte idrettskretsen en utprøvningsdag for idrett, såkalte "Paraidrettsdag" som er oppfølgeren av tidligere "Grenselsø idrettsdag". Utprøvingen ble arrangert i Molde i samarbeid med Molde og Romsdals Turistforening. Idrettskretsen deltok også på skidag i Tusten arrangert av NAV hjelpemiddelsentralen i Møre og Romsdal.

MRIK har vært veiledere for studenter i vernepleie og sport management.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Idrettskretsen har siden 2004 hatt et utvidet partnerskap om folkehelse med Møre og Romsdal fylkeskommune gjennom God Helse programmet. Det innebærer at fylkeskommunen øremerker 20 % av årlig tilskudd til idrettskretsen til arbeid med lavterskel fysisk aktivitet. Koordinator i idrettskretsen, jobber tett med Møre og Romsdal fylkeskommune, seksjon folkehelse og fysisk aktivitet. I tillegg er vedkommende idrettskretsens representant i "Folkehelseforum", samt i arbeidet med Frisklivssentralene i fylket.

Innovasjonscamp 2017:

Livsstilsgruppa God Helse har siden 2014 bidratt med oppgaver til elever i ungdomskolene i flere kommuner. I 2018 var temaet kosthold med fokus på "Arrangementmat". 15 elever fra ungdomskolene i Molde jobbet med oppgaven gjennom en uke i begynnelsen av april.

Vi har fokus på å få ned kostnader ved å drive idrett og ungdomsutvalget kjøper nå AlleMed-prosesser for idrettslag og idrettsråd.

7 Ungdom og utenforskap

I 2017 opprettet MRIK et fylkesdekkende ungdomsutvalg etter å ha hatt et ungdomsnettverk bestående av idrettsengasjert ungdom siden 2015. Målene for ungdomsutvalget er å:

- hindre frafall av ungdom fra idretten
- få flere ungdomstrenere og ungdomsledere
- skape mer idrett for ungdom av ungdom
- gi ungdommene erfaring og på denne måten mer tillit i eget IL.

I 2018 startet MRIK og de andre organisasjonene på Idrettssenteret i Molde et fellesprosjekt kalt "Aktiv Fritid for alle". Forprosjektet som varer frem til juni 2019, har fått tilskudd fra VOFO Møre og Romsdal. Hovedmålet er å få flere med i aktivitet på fritida. MRIK har prosjektansvar for forprosjektet, som også omhandler å utarbeide en digital plattform for synliggjøring av aktivitet og aktivitetstilbud.

Klyngesamarbeidet består av organisasjonene som er avbildet øverst på sida.

Klyngesamarbeidet på Idrettssenteret i Molde. Logoene til de ulike organisasjonene. Foto: Ellen Cathrine Hammer

Ålesund, Sula, Giske, Haram, Skodje, Ørskog, Vestnes, Stordal, Norddal, Stranda, Ulstein, Ørsta, Volda

Innbyggartal: 123.568

Sunnmøre friluftsråd, dagleg leiar 100% stilling:
May Britt Haukås

E-post: may@friluftsradet.no

Telefon: 977 09 653



Kampen mot marin forurensning er eit viktig arbeidsområde for friluftsrådet. Samarbeidet med frivillige er avgjerande, og både store og små kan gjere ein innsats.



Foto: May Britt Haukås

1 Om Sunnmøre friluftsråd

Alt Sunnmøre friluftsråd jobbar med handlar om folkehelse. Vi legg til rette for at så mange som råd skal kunne drive eit aktivt friluftsliv heile livet.

Vi driftar statleg sikra og andre viktige friluftsområde i medlemskommunane, og har eit stort aktivitetsarbeid. Vi arrangerer friluftsskular og andre aktivitetar for barn, kursar det pedagogiske personalet i skular og barnehagar i å ta i bruk naturen som klasserom, låner ut friluftsutstyr gratis til skular, barnehagar, lag og organisasjonar.

Marin forurensning er eit viktig arbeidsområde, i 2018 bidrog friluftsrådet til innsamling og henting av ca. 40 tonn. I 2018 fekk vi etablert Skjergardstenesta i Møre og Romsdal. Dette er eit samarbeid med Miljødirektoratet, fylkeskommunen og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal.

2 Stikk UT! og Stikk UT! Ski

Sidan 2015 har vi drifta turkassetrimmen Stikk UT! i medlemskommunane på Sunnmøre. I 2018 registrerte 10 229 deltakarar i alle aldrar 171 387 turar.

Om kvar tur får ein verdi på kr. 100, skapte Stikk UT! på Sunnmøre samfunns- og folkehelseverdiar for over 17 millionar kroner i dei 13 medlemskommunane. Stikk UT! Bedrift vart starta i 2016. I 2018 var over 60 arbeidsplassar med og brukte Stikk UT! som eit helsefremjande trivselstiltak på jobben.

Dette året starta Sunnmøre friluftsråd vintertilbodet Stikk UT! Ski for første gong, med 26 turar. Dette er svært godt tatt imot av publikum.

3 Naturlos

Naturlos er eit årleg prosjekt der friluftsrådet to gonger i året gir ut ei avis med oversyn over natur- og kulturvandringar i medlemskommunane. I hovudsak er dette turar i regi av frivillige lag og organisasjonar. I tillegg kjem ei rad eigne annonser i aktuelle lokalaviser og på Facebook.

Det er gratis for annonsørane å vere med i Naturlos. I 2018 marknadsførte friluftsrådet 161 natur- og kulturvandringar med ca. 3 500 deltakarar.

4 Turkort

Turkort er informasjon om enkle nærturar også personar med nedsette funksjonsevner kan klare. I 2018 laga friluftsrådet 11 nye turkort, som kjem i tillegg til dei 38 vi har gitt ut tidlegare. Kvart kort inneheld detaljert kart, bilde og informasjon om turen.

Turkorta kan lastast ned frå nettsida til friluftsrådet, og folk kan bestille trykte hefte med alle, eller dei turkorta dei er interesserte i.

5 Inkludering

I samarbeid med Vaksenopplæringa i Ålesund arbeidde friluftsrådet i 2018 med å introdusere norsk friluftsliv til innvandrarar som har fått opphald. Elevane har blitt kjent med turmål i nærrområda, vore på fisketur med robåt, gått fjell- og skogsturar, besøkt ein utebarnehage på leirplassen deira på Aksla, og avslutta i desember med innsamling av naturmateriale og laging av julekransar inne på Sunnmøre museum. På desse arrangementa blir det snakka norsk, og deltakarane blomstrar og opplever meistring på ein annan måte enn i klasserommet.

Prosjektet

Naturmøteplassen held fram i Vestnes, Ålesund og Ulstein. Dette er ein møteplass i friluft ein fast dag i veka midt på dag. Då brenn bålet og kaffien er klar for alle som vil kome.

6 Sikring av område for friluftliv

Gjennom heile året har friluftsrådet jobba med å motivere kommunane til å søkje statleg sikring av viktige friluftslivsområde for befolkninga.

Når eit område er kjøpt av staten, får kommunen råderetten og kan avtale ansvar for tilrettelegging, drift og skjøtsel til friluftsrådet. I 2018 har friluftsrådet m.a. bygd/ restaurert toalett, sett opp stupebrett, laga parkeringsplassar, lagt ut badebører, sett ut nye utegrillar/bålplassar, lagt ut flytebrygger og finansiert rastebenkar.

I tillegg har vi jamt tilsyn med vask, tømning/ påfylling av ca. 30 toalett, slår gras, plukkar søppel, fjernar kratt osv. i desse friluftslivsområda.

7 Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde

Med midlar frå Miljødirektoratet og fylkeskommunen er stillinga som koordinator for kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i kommunane på Sunnmøre vidareført i 2018. Målet er at alle kommunar skal ha god oversikt og kunnskap om friluftslivsområda sine, og verdien dei har for friluftslivet. Alt blir kartfesta og digitalisert. Arbeidet er godt i gang og blir truleg vidareført også i 2019.

Aukra kommune

Innbyggartal: 3.547

Folkehelsekoordinator i 100 % stilling:

Tove Charlotte Æsøy

E-post:

tove.charlotte.aesoy@aukra.kommune.no

Telefon: 71 17 15 77 / 986 12 740



Foto: Tove Charlotte Æsøy



Gitargruppa i tett samspel.
Foto: Lis Groven

1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Julsundet skole og fleirbrukshus vart opna med ny fleirbrukssal og flotte lokale. Aukra kommune har signert ny avtale med MOT; Kommunen som samfunnsbygger. To MOT-ungdommar frå 10. trinn er utdanna til å verte Ung MOT-leiar ved MOT Camp. Dette er med på å styrke MOT arbeidet i kommunen blant ungdommen og dei får eit breiare engasjement. Unge MOT-leiarar er gode rollemodellar for ungdom i kommunen. Gjennom kommunen sin satsing på ungdomsarbeid er det oppretta ei ny prosjektstilling som er ansvarleg for tilbodet "Etter skoletid". Både på Julsundet og på Gossen kan dei ein gong i veka møtast til aktivitetar og moglegheit for å kjøpe mat. Einingane Kultur og Innvandring og Integrasjon samarbeider om deltaking i SOS-barnebyar sitt prosjekt "Sammen". Dette er eit integreringsprosjekt der ungdom med norsk og innvandrarbakgrunn vert sett saman i grupper. Gjennom aktivitetar dei liker møtast dei ni gonger. Her blir gode relasjonar bygd. Etterpå får dei tildelt attestar for deltaking.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Dialogkaféen er eit arbeidsretta tiltak for deltakarane i kommunen sitt introduksjonsprogram for nykomne innvandrarar. Tiltaket kan og nyttast av deltakarar med rett og plikt til norskopplæring og andre som står langt frå arbeidslivet. Dialogkaféen er open for kommunen sine innbyggjarar tre dagar per veke. Målet med tiltaket er at deltakarane i vaksenopplæringa skal få språk- og arbeidspraksis, og at det skal vere ein møteplass for samhandling mellom lokalbefolkning og nybusette. I tillegg til Dialogkaféen har eining for innvandring og integrering eit anna arbeidsretta tiltak for same målgruppe. Skreddarverkstaden har vore i drift i over eit år og har deltakarar frå både vaksenopplæring, NAV og andre kommunar. Aukra kommune tek jamnleg inn arbeidstakarar til arbeidstrening. Dette er ei god hjelp for dei som treng hjelp for å kome tilbake i arbeidslivet. Arbeidsmiljøutvalet har høg aktivitet og alle handlingsplaner som omhandlar HMS har vore drøfta i 2018.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Det nye omsorgsenteret vart opna i juni. Det er laga ein ny fin hage med direkte tilgang ut til Falkeparken med sine turstiar. I hagen vert det dyrka frukt, bær og grønsaker til eige bruk om sommaren. Hønene er eit positivt innslag i hagen som også har eit sansehus.

Balansegruppa, der ein har fokus på styrke og balansetrening med fysioterapeut, har vore i gang i fleire år og er svært populært. Det sosiale aspektet er viktig og deltakarane set stor pris på felles lunsj etter treninga. Fellesskap og møteplassar går igjen som ein raud tråd når ein spør eldre kva som er viktig. Omsorgstenesta vil gjerne ha samhandling på tvers av generasjonar. Ungdomsskoleelevar får tilbod om å kome til omsorgsenteret to gonger i veka for å spise varm lunsj.

Aukra kommune har tatt i bruk velferdsteknologi både på omsorgsenteret og i heimane. Dette kan mellom anna vere med på at fleire eldre føler seg tryggare, og kan bu heime lenger.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Våren 2018 opna Falkeparken i sentrum på Falkhytten. Her er det tilrettelagte turstiar med lys og informasjonsskilt som fortel både interessant krigshistorie og om falkefangsten som skjedde her i mellomalderen. Parken ligg knytt til omsorgsenteret og nær skolen, slik at både unge og eldre kan ha nytte og glede av å bruke området.

På Julsundet vart det også ferdig ein ny tursti frå Matberget til Lauvåsen. Denne er også nær skole og barnehage og gir samanhengande grussti heilt til Hundetjønna. Turstiane og friluftsområda i kommunen er mykje brukt. I år har det vore ekstra stort fokus på strandrydding. Velforeiningar, skolar og andre lag og organisasjonar har gjort ein stor innsats.

Aukra kommune har investert mykje i vegbelysning. I 2018 vart det bygd 1,2 km med nye LED lys langs vegar. Det vart laga 300 meter med ny gang/sykkelveg på Torhaugmyra. Mange har også gitt inspel på rullering av trafikktryggingssplanen.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Ny i Aukra, som er ein dag der lag og organisasjonar får presentert seg for folk i nærområdet, vart arrangert i Julsundet. I desember vart lag og organisasjonar invitert til Frivilligfest. Der vart mellom anna prosjektet "Utløse frivilligressursen for god folkehelse" presentert. Aukra er ein av 4 pilotkommunar i fylket.

I tillegg til at barn og ungdom har eit bredt tilbod i kulturskolen, har også vaksne moglegheit til å delta på fleire aktivitetar.

Vaksenopplæringa har eit samarbeid med kulturskolen både i kunst og kulturfag.

For andre gong vart Inkluderingsprisen delt ut. Den går til det laget eller organisasjonen som har gjort ein spesiell inkluderingsinnsats i kommunen det siste året. Målet med prisen er å motivere, men ikkje minst skape auka medvit om kor mykje det betyr at vi engasjerer oss for å betre kvardagen til menneskjer som kan oppleve at terskelen er høg for å vere med.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

I starten på 2018 gjennomførte vi oppfølgingsarbeid etter Ungdataundersøkinga i 2017, ved å arrangere presentasjonar og workshops for ungdomsskoleelevar og foreldre på begge skolane. Ungdomsrådet var sterkt involvert desse dagane.

Verdensdagen for psykisk helse vart markert med eit foredrag med Malin Grydeland på Frivillig-sentralen. Det var stor oppslutning om dette arrangementet.

SLT-koordinator vart tilsett i august. SLT er ein samordningsmodell for lokale, førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet. SLT skal sikre at dei ressursane som allereie eksisterer i kommunen og i politiet vert meir samkjørd og målretta.

Det var stor deltaking frå Aukra kommune i RVTS sitt kompetansehevingsprogram; "Vold i nære relasjonar". Representantar frå barnehagar, skolar, helseteneste og andre var med på 7 dagsamlingar.

7 Utstyrssentral- og aktivitetskalender

Eit universelt tiltak som kan vere med på å betre folkehelsen er utstyrssentralar. Aukra kommune sin utstyrssentral har vore i bruk i nokre år no og det er aukande merksemd og bruk av denne. Det har vore kjøpt inn nytt utstyr jamnleg. No kan ein låne friluftslivsutstyr som sekkar, fiskestenger, telt, lavo, liggeunderlag, tursko og turklede. Vi har mykje vinterutstyr til både langrenn og alpint, både ski, sko, og hjelmar. Vi har også mange skøytepar og hjelmar. Den digitale utlånportalen har gjort tinging av utstyr enklare, men det er ein del utfordringar knytt til denne.

Kulturavdelinga gir kvart halvår ut ein aktivitetskalender for barn og ungdom i Aukra. Her vert aktivitetar og kontaktpersonar for desse formidla.

Innbyggertal: 3.585

Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:
Guro Vollan Amundsen

E-post:
guro.amundsen@aure.kommune.no

Telefon: 905 76 275



Foto: Unni Rolseth



Aure barne- og ungdomsskole 5.-7. klasse under hoppetauaksjonen "Hopp for hjertet".
Foto: Halvard Djupvik

1 Samfunns-utvikling for ein god start i livet

Aure kommune har i dag 165 barn i barnehage, og full barnehagedekning. Alle barnehagene oppfyller kravet til pedagogisk bemanning, og har stort fokus på kosthold og fysisk aktivitet.

Flere barnehager har gjennomført Fiskesprell, og tre av fire varmmåltider består av fisk. Det er stor satsing på friluftsliv, og å bruke naturen som arena for lek og læring. Barna lærer også om miljøvern og søppelsortering, og om hva som skjer i naturen når vi mennesker ikke tar vare på den.

UngData-undersøkelsen ble gjennomført på ungdomstrinnene i 2018. Tall herfra viser at ungdom i Aure stort sett er fornøyd med lokalsamfunnet og egen helse. Det er færre unge som sliter med psykiske problemer sammenliknet med tall fra landet og fylket.

Aure helselag arrangerte i samarbeid med Aure Barne- og ungdomsskole hoppetauaksjonen "Hopp for hjerte". 5.-7. klasse deltok i skolegården, og helselaget serverte sunn lunsj og delte ut diplom til elevene.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Aure kommune har lav arbeidsledighet og lavere sykefravær enn landsgjennomsnittet. Kommunen er den største arbeidsplassen, og er en IA-bedrift. Ansatte i kommunen har tilbud om å delta i trimkonkurranse, med trekning av premie hvert kvartal.

Det er mange arbeidsplasser innen basisnæringer som prosessindustri, fiske og havbruk, landbruk og verkstedindustri. Den største arbeidsplassen for kvinner er innen helse- og sosialtjenester.

Aure dagsenter er et viktig arbeidsfellesskap for de som trenger et dagtilbud. Der har de snekkerverksted, aktivitetsrom og kjøkken. Treffstedet og Bruktbua er også aktivitetstilbud på dagtid, i regi av Psykisk helse og rus.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Det er mange gode tilbud for eldre i kommunen, både i kommunal og frivillig regi. Blant annet avholdes fredagstrim ved Aure omsorgsbolig. Dette er et samarbeid mellom kommunen og frivilligheten, der frivillige tilbyr skyss til og fra trimmen. Det er trim for pensjonister hver mandag, med kaffeservering av frivilligsentralen.

Helselagene arrangerer "torsdagskafé" ved omsorgsboligene, demens kafé for demente og deres pårørende, og strikkekafé.

Aktivitetsvenn drives gjennom et samarbeid mellom kommunen, frivilligsentralen og Aure helselag. Det er avholdt to kurskvelder i løpet av 2018, og 14 personer er i dag aktivitetsvenn.

Aure kommune har en høy andel eldre personer, og utgjør en stor frivilligressurs. Mange eldre engasjerer seg i frivillige lag og foreninger, og gjør en fantastisk innsats for innbyggerne i kommunen.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Aure kommune var med i StikkUt! for første gang denne sesongen. Ti turmål av varierende vanskelighetsgrad ble merket som StikkUt-turer. Idrettslagene var ansvarlig for merking og vedlikehold av turene. Det har vært stort engasjement, og til sammen 339 personer registrerte seg som StikkUt-brukere, og 5291 turer er registrert i kommunen. Forberedelser for neste sesong er i gang!

Aureelva helseløype er en 700 meter lang helseløype i Aure sentrum, som skal stå klar i løpet av 2019. Turen vil være tilrettelagt for rullestol, og ha tilgjengelig HC-toalett. Det er ulike kulturelle elementer langs løypa, med informasjonsplakater og bilder utarbeidet av Aure historielag.

Kommunen er i gang med arbeidet med å kartlegge og verdsette friluftsområder i samarbeid med Friluftsrådet. Dette er viktig arbeid for å ta vare på de flotte friluftsområdene som finnes i Aure.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjoner

Frivillige lag og foreninger gjør en uvurderlig innsats for folkehelse og lokalsamfunnet. Kommunen har rundt 120 frivillige lag og foreninger.

Aure idrettslag arrangerer "Barn i løypa", som er en aktivitet for barn fra to år og oppover. Der er det fokus på skilek, mestring, utvikling, glede og sosialt samvær med andre barn og voksne. Det er vært godt oppmøte på disse arrangementene og mye skiglede!

Frivilligsentralen er en viktig aktør i integreringsprosjektet, og har startet opp språkkafé og leksehjelp for voksenopplæringa. I tillegg er mange fra integreringsprosjektet frivillige, og bidrar blant annet som ledsagere og praktisk hjelp.

Kulturskolen har et bredt tilbud, og har mer enn 160 elevplasser med en aldersgruppe fra fire til 65 + år. I dag er det 32 ulike undervisningstilbud innen dans, musikk, visuell kunst og drama.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Det utarbeides en oversikt over folkehelsen som ferdigstilles våren 2019. Alle sektorer i kommunen har deltatt inn i dette arbeidet, og dokumentet vil ligge til grunn for videre planarbeid.

Aure kommune har en lavere andel barn enn landet som helhet, og en høyere andel eldre. Andelen eldre vil øke i årene fremover. På bakgrunn av dette vil trolig utgiftsbehovet innen pleie og omsorg øke. Samtidig vil utgiftsbehovet for grunnskole og barnehage trolig gå noe ned.

Det er stort frivillig engasjement i kommunen. På bakgrunn av dette er Aure kommune invitert til å delta i et pilotprosjekt i samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelsen, for å utarbeide en samarbeidsmodell mellom kommunen og frivilligheten. Målet er å styrke frivilligressursen i kommunen.

7 Frivillighet i Aure

Frivilligheten er en viktig ressurs i folkehelsearbeidet. Aure frivilligsentral har 50 registrerte frivillige mellom 11 og 93 år, og har lokaler i Aure sentrum. Frivilligsentralen driver blant annet språkkafé og leksehjelp som en del av integreringsprosjektet, bistår med sjåfører til transport til og fra trimgruppe og har kaffeservering etter trim for pensjonister på mandager. I tillegg tilbyr frivilligsentralen ledsagerhjelp, turvenn og besøksvenn.

Lag og foreninger i kommunen bidrar stort i arbeidet med å gi tilhørighet og skape tilhørighet for innbyggerne gjennom ulike arrangement og tilrettelegging.

Aure frivilligsentral arrangerte Frivilligdag for alle lag og foreninger for å vise frem bredden av frivillighet i kommunen. Arrangementet ble godt mottatt.

Innbyggartal: 3.440

Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:

Ellen Marie Krakeli

E-post:

ellenmarie.krakeli@eide.kommune.no

Telefon: 979 84 232



UKM Eide 2018. Foto: Emelie Mathilde Holden



Foto: Ellen M. Krakeli

1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Eide kommune har de to siste årene samarbeidet med Korus og Ålesund behandlingssenter om styrke arbeidet rundt barn som pårørende. Målsetningen har vært å øke kompetansen til ansatte i kommunen hvordan det påvirker barn å leve med omsorgspersoner som strever, utvikle prosedyrer for å fange opp de aktuelle barna (taushetsplikt, meldeplikt, samtykke), øke kompetansen i de kommunale tjenestene i forhold til å snakke med barn og voksne om slike utfordringene, samt å gjøre oss kjent med aktuelle interne samarbeidspartnere i kommunen og eksternt hjelpeapparat. Arbeidet med "Tidlig inn" har fortsatt også i 2018.

Både ungdomsdata og elevundersøkelser viser lave mobbetall og god trivsel i Eideskolene.

UKM 2018 i Eide var en suksess med rekordmange deltaker både på selve UKM og på UKM kickoff.

2 Helsevennlig arbeidsliv

I forbindelse med den vedtatte kommunesammenslåingen med Fræna er det etablert en arbeidsgruppe som skal jobbe med kulturbygging for medarbeidere i Hustadvika kommune. Arbeidsgruppen har blant annet arrangert volleyballturnering og det er etablert en felles Facebook side der positive trivselstiltak fra begge kommuner kan deles. Prosjektgruppen for den nye kommunen har invitert alle innbyggere og ansatte til "humorkveld" med innlede foredragsholdere. Mestringsenheten har startet opp tilbud innen "Rask psykisk helsehjelp" med kurs i både mestringskurs og depresjoner, samt søvnkurs og individuell oppfølging.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Svømmetilbudet i Aktiv på dagtid er styrket. Det samme gjelder tilbudet om publikumssvømmingen for alle innbyggere. Dette med god hjelp fra Eide helselag. Det er åpnet opp for deltakelse i turgrupper med Aktiv på dagtid i Fræna.

Treningsgruppene i Frisklivssentralen er åpnet for flere og gruppene har svært mange deltakere i alderen 60+. Samlet sett har Frisklivssentralen og Aktiv på dagtid i Eide tilbud til innbyggerne hver uke dag.

Det jobbes for å bygge nye lokaler for Frisklivssentralen i Eidehallen. Det satt av penger til dette prosjektet på investeringsbudsjettet.

Kommunen samarbeider med frivillige lag og organisasjoner i forbindelse med for eksempel markering og opplegg på Verdens aktivitetsdag, Eldredagen, gjennom å legge til rette for sittedans og tiltak gjennom den Kulturelle spaserstokken.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Det er startet opp utbedringer av kommunale bygg for å bedre innneklima, blant annet med en storstilt oppussing av garderobes i svømmehallen. Det er også gjort utbedringer i forhold til lydisolering på Rådhuset.

Eide sykehjem er nyoppusset og moderne med ledlys, nytt ventilasjonsanlegg, nytt sprinkelanlegg, nye gulv og veggflater som øker bomiljø, arbeidsmiljø og sikkerhet både for beboer og ansatte.

Det er bygd gangveier og gitt støtte til nærmiljøanlegg i boligfelt.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjoner

Ungdomsundersøkelsen i Eide 2018 viser svært gledelige tall i forhold til deltakelse i frivillige lag, organisasjoner og idrettslag. Andelen ungdommer som er aktive fritidsorganisasjoner har økt fra 57-69 % siden 2013. Det vil si at flere ungdommer på Eide er med i en fritidsorganisasjon enn gjennomsnittet på landsbasis. Ungdommer fra Eide svarer også at de er mer fornøyd med lokalmiljøet sitt enn landsnittet. I tillegg er det også en økning i andelen ungdom som har god tro på framtiden, som er fornøyd med foreldrene sine og som svarer at de har minst en fortrolig venn.

I Eide finnes et godt og variert fritidstilbud for alle aldre med for eksempel: innebandy, klatring, kulturskole, friidrett, allidrett, fotball, ski, bordtennis, åpen svømmehall, helselag, leikaring, hagelag, pensjonistforening, seniordans, jeger og fiskeforening, skyttelag, hundeklubb, 4H, kor, hornmusikk, ungdomsklubber hver uke, språkkafe, sittedans m.m

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Helt siden vi la fram oversiktsarbeidet i 2016 har det vært jobbet systematisk for å følge opp utfordringsområdene. Folkehelse er blitt en tydelig og forankret del i de fleste kommunale planer som er rullert de siste årene. Kommunale tilbud er styrket, kompetansehevede tiltak er gjennomført og samarbeid med lag og organisasjoner er utvidet og styrket. Ungdomsdata resultater fra 2018 er presentert både for politiske råd og utvalg, idrettsrådet, ungdomsråd og i administrasjonen. Dette har skapt en felles forståelse for styrker og utfordringer, samt en god forankring av folkehelsearbeidet både politisk og administrativt.

7 Hustadvika kommune

Det jobbes aktivt med å med løfte og synliggjøre folkehelsearbeidet inn i både organisasjonskartet og i videre arbeid med å danne nye Hustadvika kommune. Arbeidet med felles oversiktsarbeid er så vidt kommet i gang og vi jobber med å forene gode krefter både fra Eide og Fræna kommuner.

Fræna kommune

Innbyggertal: 9.800

Folkehelsekoordinator i 100 % stilling:

Ragnhild Elin Aas

E-post:

ragnhild.elin.aas@frana.kommun.no

Telefon: 90 77 19 12



Jenny på Elnestangen. Foto: Ragnhild Elin Aas



Frenfjorden
Foto: Ragnhild Elin Aas

1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

HOPP-prosjektet!

HOPP står for "helsefremmende oppvekst for barn og unge". Består av tiltak innen aktivitet og kosthold for barn og unge. Helsestasjon, Fysio/Friskliv, skoler og barnehager samarbeider og opplæring og kompetanseheving. MOT skal nå også føres videre med kommunen som samfunnsbygger. Fra før har vi ART-programmet på barneskolen. De markerer også Verdensdagen for psykisk helse.

Kommunen følger spesielt opp ungdom i alder 15-18 år, med tanke på å forebygge frafall fra skole, og utfordringer knyttet til rus og psykisk helse.

Alle organiserte aktivitetstilbud er viktige for en god start på livet. Vi har bl.a. Barnas Turlag Hustadvika, friluftscamper, variert idretts- og friluftslivsaktivitet.

2 Helsevennlig arbeidsliv

I 2018 meldte vi også på Fræna kommune som StikkUT-Bedrift, og vi hadde ca. 20 avdelinger med. Det ble gått turer og konkurrert internt gjennom hele sesongen. Det ble en suksess hos oss og skapte stor inspirasjon og aktivitet. Med månedlige premieringer og konkurranse om å vinne Blåtur for avdelingene, ble det mye aktivitet blant de ansatte.

Vi har også et rikt tilbud i Aktiv på Dagtid som alle ansatte kan benytte seg av.

Fræna Frisklivsentral har mange gode tilbud og kurs for å komme raskere tilbake i jobb. Dette er innen kosthold, røykeslutt, fysisk aktivitet, samt livsmestring og helsesamtaler.

Kommunen er IA-bedrift og har godt samarbeid med Frisklivsentralen i forhold til sine ansatte, og tilbyr kurs, trening og påfyll.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Fræna Frisklivsentral har mange deltakere og går godt. Den ble startet i 2012, og har vært et godt supplement til helsefremming og hjelp til livsstilsendring i vår kommune.

Aktivitetene i Aktiv på Dagtid er veldig populære og varierte. Vi har her ulike aktivitetstilbud hver dag – 35 uker i året, og med en turgruppe opp mot 70 personer hver uke.

Hverdagsrehabiliterings-team som jobber oppsøkende og legge til rette for gode tiltak for hjemmeboende eldre.

Aktivitetsvenn for demente. "Sterk og stødig" er etablert i fysio/friskliv.

Vi har også etablert StikkUT KulTur-løyper som er et nærturkonsept, som skaper stor entusiasme i ulike lokalmiljø. Vi ønsker å få til enda flere slike!

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Folkehelse og Kultur har stort fokus på utforming og tilrettelegging for helsefremmende aktiviteter og utvikling av gode tilrettelagte miljø. Vi har stort fokus på lavterskeltilbud som nærturer til boligfelt, Stikk-UT og KulTur.

Kulturavdeling og frivillige jobber med å tilrettelegge friluftsområder til bruk for alle. Vi har nå satt opp treningspark og treningsløype ved omsorgssenteret i Elnesvågen sentrum. Her er også 3 sandvolleyball-anlegg plassert ved badebasseng og småbåthavn.

Folkehelse er representert i kommunens Planforum og Helseforum. Her sitter også ledende helsesøster/Barnas Representant.

Trafikktrykingsutvalget som skal jobbe med å få kommunen sertifisert som "Trafikksikker kommune".

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjoner

Kulturavdelingen har et åpent dialogmøte for alle lag/foreninger, der vi kan sette fokus på ulike tema og oppdrag. Dette er en god møteplass mellom det frivillige og det offentlige, og det kommer ofte frem gode ideer og nye behov. Det å snakke sammen på tvers av interesser er svært nyttig, og det kommer opp flere nye ting vi kan gjøre sammen.

Frivilligsentralen og kulturavdelingen jobber tett med lag og foreninger i Fræna. Her er det åpne sosiale arenaer for folk i ulike aldersgrupper, også med fokus på innvandrere/flyktninger som kommer hit. Utstyrssentral er etablert i 2018.

Vi legger til rette for sosiale møtesteder på Biblioteket og andre institusjoner i kommunen, som pensjonistkafe, fredagskafe, språkcafe, osv.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

UNGDATA ble kjørt på alle ungdomsskoler og videregående skole i mai 2018. Disse tallene vil bli arbeidet med sammen med Eide kommune og vi skal jobbe for å finne et felles utfordringsbilde.

Kommunen har ulike tverrfaglige beslutningsforum, der folkehelsekoordinator sitter sammen med ulike enhetsledere. Som Planforum, Helseforum og Skoleforum

En tverrfaglig gruppe jobber med "oversiktsarbeid over helsetilstanden i befolkningen." Deltakere: Folkehelsekoordinator, kommuneoverlege, leder for institusjons- og hjemmetjenestene, samfunnsplanlegger og teknisk arealplanlegger. (Vi håper også å få med ledende helsesøster og representant fra skole/barnehage.) Folkehelseoversikten ble vedtatt av kommunestyret i februar 2018.


7 KOM DEG UT- dagen

Sammen med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal arrangerer kommunen #NattiNaturen og KOM DEG UT-dagen på Langvatnet. Her blir det lagt til rette for enkelt friluftsliv og aktiviteter i to hele dager.

Selve "komdegut-dagen" er i regi av Barnas Turlag Hustadvika, sammen med flere andre organisasjoner som Hustadvika padleklubb og Fræna JFF.

Vi ser at slike arrangementer er med på å øke interessen og kunnskapen om friluftsliv. Barn blir flinkere til å bruke av naturen til lek og moro.

Kommunen vil legge til rette for flere nærturarenaer der folk bor.



Ein av plakatane som vart laga i samband med arbeidet med Ungdata-undersøkinga. Her frå ei gruppe frå ungdomsskolen som har jobba med "Det skal ikkje vere eit fasitsvar på korleis ein skal vere".

Foto: Giske kommune



Frå kulturdagen i Giske kommune, september 2018. Ein spennande dag kor mange av innbyggjarane i kommunen deltok og var innom på besøk!
Foto: Giske kommune

1 Samfunns-utvikling for ein god start i livet

Kurs for førstegongs-fødande

Kommunen starta i 2017 kurs for førstegongsfødande. Kurset er eit samarbeid mellom jordmor, helsesøster, fysioterapeut, kommunepsykolog og folkehelsekoordinator. Informasjon om fødsel, tilknytning til barnet, trening under og etter svangerskap, kosthald ved amming og introduksjon av fast føde blant tema. Sidan kurset vart vellykka blei det vidareført i 2018.

Helsestasjonen har oppfølging av alle barn og unge med familiar og tilbyr familieveiledningsgruppe til alle foreldre. Det har vore psykisk helse grupper til alle barn i 4. og 9.klasse og mestringsgruppe i 6.klasse.

Barnehageprosjekt

Eit prosjekt der fysioterapeuter går inn i barnehagane og fokuserar på bevegelsesglede og undring i lek for å fremme motorisk utvikling. Eit årshjul med idébank blir nytta.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Ned-prosjektet

Giske kommune deltok i KS og NAV si fellessatsing NED- med sjukefråværet. Målet var å redusere sjukefråværet, og Giske kommune har satt som mål å nå 6 % innen sommeren 2020. Etter første del av prosjektet er resultatet positivt, og sjukefråværet har gått ned.

Det er ei trivselsgruppe i staben som har hatt oppgaver knytt til helsevennleg arbeidsliv. Som døme laga dei til ein sommarfest for tilsette og ein triveleg julelunsj for alle.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Frisklivssentral

Kommunen har Frisklivssentral, med 20 % ressurs i fysio/ergo-tenesta og folkehelsekoordinator som leiar. I 2018 ble 10 personar henvist eller tok kontakt etter ønske om livsstilsending.

Aktiv på dagtid

Tilbodet Aktiv på dagtid, fungerer fortsatt godt, og fungerer i praksis som del av frisklivssentralen. Tur ein dag i veka og trening på treningssenter ein dag. Giske kommune satsar på kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi.

Aktivitetsvenn for personar med demens

Ein aktivitetsvenn er ein frivillig som gjer aktivitetar med ein som har demens. I Giske kommune jobbar ei arbeidsgruppe på 6 personar for å finne frivillige, halde kurs og koordinere arbeidet opp imot personar med demens. Dei fleste i arbeidsgruppa jobbar til daglig med personar med demens og jobber vidare for å utvikle tenesten.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Ernæringskurs

Folkehelsekoordinator heldt eit kurs for bebuarane ved ein institusjon for personar med nedsett funksjonsevne. Det vart fokusert på "den lure maten" som kroppen treng, og tredje og siste samling var med matlagning der alle deltok og der ulike fiskerettar stod på menyen.

Gangveg/tursti

Innanfor teknisk avdeling har det vore laga 100 meter gang- og sykkelveg på Vigra som forbind turveg med gang- og sykkelstivegnettet. Denne biten var naudsynt for å lage ein trygg rundløype rundt flyplassområdet.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Kulturdagane i giske

Kulturdagane i Giske ble arrangert i september 2018. På starten av året fekk ein oppretta ein arrangementskomite med medlemmar frå lag og organisasjonslivet og frå kommunen; kultursjef, folkehelsekoordinator og leiar på frivilligsentralen. Under Kulturlivets dag fekk lag, organisasjonar og foreiningar vist seg fram på standar og frå scena og kunne møte på innbyggjarane, samstundes som publikum fekk både helse på og prøve seg på ymse aktivitetar. Da fekk ein synleggjort mykje av det som skjer, og ein fekk skapt ein rekrutteringsarena for laga og organisasjonane. Veka før og etter arrangementet hadde fleire lag og organisasjonar "open hus". Kulturdagane i Giske 2018 var ein stor suksess!

Benkestafett

Den rike naturen og landskapet betyr mykje for identitet og tilhøyre, og fungerer som ein viktig møteplass i seg sjølv. Det er plassert ut benkar fleire stader, spona av lokale bedrifter.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Ungdata

Arbeidet knytt til Ungdata-undersøkinga som vart gjennomført i 2017 blei vidareført i 2018. Kultursjef, Barn og unges kommunestyre (BUKS) og folkehelsekoordinator har samarbeida tett om resultatane. Ungdommane har fått delteke i arbeide med å tolke og forklare resultatane og ein har i arbeidsprosessen fått eit verdifullt kvalitativt datamateriale på korleis det er å vere ung i Giske idag. Arbeidet og datamaterialet har blitt presentert for blant anna ungdomsskulane, brukarutval, eldrerådet, teknisk komité, komité for helse og omsorg og kommunestyre. Fem filmar ble laga av Fuglefjellet og finst på youtube. Arbeidet fortsetter utover 2019.

Planforum

Folkehelsekoordinator er medlem i administrativt planforum med oppgåva å fremje folkehelseperspektivet i alle saker. Folkehelsekoordinator skriv uttale i detalj- og reguleringsplanar.

7 Prosjekt Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse

Giske kommune har delteke i prosjektet "Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse" frå 2016 til 2018.

Ungdata

Arbeidet med å tolke og forstå resultatane frå Ungdata ble vidareført i 2018. Tema for deltaking i Nærmiljøprosjektet har vore møteplassar, og Ungdata 2013 var noko av bakgrunnen for søknad om deltaking. Ungdata 2017 har gitt betre forståing for talmaterialet og for korleis det er å vere ungdom i Giske, og ein ser tydlegare behovet for å få fleire uformelle møteplassar.

Meiropent

Prosjekt Meiropent bibliotek/Meiropent kommune ble satt på agendaen i 2018. Eit av måla er å synleggjere biblioteket meir, og opne moglegheita for å nytte rådhuset på kveldar/helgar. Det vart gjennomført workshops i biblioteket (kortspele) for innbyggjarar for medverknad i prosjektet i forkant av ein større workshop med arkitekten Aat Vos i januar 2019.

Innbyggertal: 2.611

Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:

Maaïke M. Roorda

E-post:

Maaïke.magdalena.roorda@gjemnes.kommune.no

Telefon: 90711 095



Foto: Olav Bjørn Nilssen



Foto: Maaïke Roorda

1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Gjemnes kommune fortsetter samarbeidet med Eide og Fræna kommuner i opplæringsprogrammet Tidlig Inn. Dette er et flerfaglig prosjekt hvor det har vært jobbet med å lage prosedyrer for helsestasjonen med fokus på psykisk helse, rus og vold i nære relasjoner. Helsestasjonen har tatt i bruk flere kartleggingsverktøy som for eksempel EPDS. Framover skal kommunen fortsette å delta i veiledningsgruppene.

Etter at en helsesøster har vært langtidssykemeldt, er det lyst ut en 100% fast stilling som helsesykepleier.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Det er vedtatt at Gjemnes kommune skal bygge nytt helsehus/sykehjem. Nå er tomtene utredet og kommunen vil nå jobbe videre for å bygge. Universell utforming og gode løsninger er viktig gjennom hele byggeprosessen.

Kommunen har nå ansatt en medarbeider i 100% som skal jobbe med digital transformasjon og velferds-teknologi. Han skal ha ansvar for et digitalt hjelpemiddelutlån-system og velferds teknologi i det nye sykehjemmet.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Gjemnes kommune deltar i læringsnettverk for gode pasientforløp, hvor det er satt i gang en prosess for å lage pasientforløp for den eldre multisyke pasienten. Forbedringsteamet som er et flerfaglig samarbeid jobber nå med å få rutiner og prosedyrer på plass.

Sjukehjemmet får besøk av musikkterapeut 1x hver 14 dag. Dette er et populært aktivitet. Demensforeningen organiserer konserter for alle eldre i storsalen på sykehjemmet.

Kommunes kjøkken er situert på sykehjemmet. De lager mat til alle måltider på sykehjemmet/aldersboligen og for hjemmeboende. I tillegg baker de, slik at det kan serveres kaffe med noe å bite i, til alle tider på dagen. Det blir satt stort pris på at også besøkende kan få noe. Dette bidrar i stor grad til at de eldre trives og føler seg respektfullt behandlet.

Dagsenter for demente er åpent 2 dager i uka. Personer med demens blir aktivisert ved å gjøre hverdagslige aktiviteter.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Kommunen har prioritert å strø godt med grus når det er glatt i sentrum. Spesielt på fotgjengere stiene.

Frivillighet har jobbet sammen med kommunen for å få til to nye turstier: Elvestien og Flemsetervatnet rundt. Den siste blir i år en Stikk Ut post.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjoner

Ved mye dugnadsinnsats har det vært organisert Julegod og Dyregod. Dette er utstillingsmesser med kulturinslag og salgsboder. Det er populært å være med, og messene tiltrekker et stort publikum.

Frivillige lag og organisasjoner har gjennom hele året vært vertskap for flere turneringer og kamper.

StikkUt og StikkUtSki er populære turmuligheter. I Gjemnes er det flest damer mellom 40 og 60 år som registrerer seg.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Gjemnes kommune har utarbeidet en plan for (re)habilitering, individuell plan og koordinator. Denne planen beskriver en organisasjonsmodell hvor bruker/pårørende deltar aktivt i sin egen ansvarsgruppe, evt. også nærgruppe(r), og dermed i utforminga av sin egen individuelle plan. Den individuelle planen skal bidra til at brukere med behov for langvarige og koordinerte helsetjenester får et helhetlig, samordnet og individuelt tilpasset tjenestetilbud. Individuell plan kan også være et redskap i en rehabiliteringsprosess.

7 Psykisk helse/ Folkehelse

Gjemnes kommune har utvidet tjeneste for psykisk helse og rus med 20% stilling.

Ny folkehelsekoordinator ble ansatt 1. juli 2018.

Innbyggertal: 1.578

Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:

Trine Kristiansen Glåmen

E-post:

trine.glamen@halsa.kommune.no

Telefon: 905 74 443 / 904 07 367



Foto: Bente Normann Løvik



Foto: Dan Harry Lervik

1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Arbeidsgruppa Delta fortsetter arbeidet etter UNGdata-undersøkelsen. De samarbeider med blant annet ungdomsrådet, MOT, foreldre, elever og lærere om foredrag om psykisk helse blant ungdom.

Liabø barnehage og Halsaland barne- og ungdomsskole har blitt en Livsglede-barnehage/skole. De besøker jevnlig sykehjemmet og har aktiviteter sammen med beboerne.

Sommerungdommer mellom 15-17 år fikk prøve seg som "gledesspredere" rundt om på arbeidsplassene. Et tiltak med utgangspunkt i Frivilligsentralen.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Halsaland kommune har samarbeid med et privat treningssenter, der ansatte har en gunstig avtale. Kommunen deltar på StikkUT!- bedrift som er en populær turkassetrim, som får folk ut på tur.

Flere private bedrifter i Halsaland har laget treningsrom for sine ansatte.

Sommerungdom og gledesspredere bidro sist sommer med trivsel og glede rundt om på arbeidsplassene i Halsaland.

Det samarbeides tett med NAV og bedriftshelsetjenesten med å få sykemeldte arbeidstakere raskt tilbake i jobb.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Frivilligsentralen har sin ukentlige vaffeltirsdag, der mange møtes for en prat. Vi har gågrupper, mosjonstilbud, dans og trimgrupper og seniordans for eldre ukentlig via samarbeid med frivillige og Halsaland kommune.

Halsaland sykehjem ble i desember 2018 resertifisert som et Livsgledehjem. Flere kriterier sikrer at beboere på sykehjemmet får en glad alderdom. Mye arbeid er lagt ned for å endre arbeidsmetoder blant de ansatte.

Den kulturelle spaserstokken har mange tilbud innen musikk, drama, foredrag, operaturer og festivaler gjennom hele året for den eldre garde.

Aktivitetsvennordningen fortsetter og demente både på sykehjem, omsorgsboliger og i hjemmene har besøk av personer som har gjennomført kurs i Halsaland.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Helseløypa gjennom Liabø fikk spillemidler og skal stå ferdig i 2019. En kolonihage i sentrum er anlagt med muligheter for å dyrke sine egne grønnsaker, for alle som ønsker det.

Strandrydding ble løftet opp til en ny dimensjon i 2018 og frivillige i samarbeid med kommunen, skolen, lag og foreninger ryddet strender og andre områder. Også Friluftsrådet Nordmøre og Romsdals opplegg ble benyttet av lag og organisasjoner.

Det jobbes årlig med turstier, merking og skilting i de forskjellige delene av kommunen. En egen StikkUT!-turfadergruppe har ansvar for stikkut-turene både sommer og vinter.

Den uformelle møteplassen i parkenområdet på Liabø er under utvikling og en egen prosjektgruppe jobber med saken. Et arkitektfirma har vunnet konkurransen med bidraget "Liabøsentralen".

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Utstyrssentralen fungerer nå godt og mange benytter seg av tilbudet om å låne ski, skøyter, redningsvester m.m. Integreringsprosjektet Kvinnehelsegruppa har fokus på kosthold og fysisk aktivitet for innvandrerkvinner og ble avsluttet i 2018. Mange kvinner benytter seg av gratis tilgang på spinningssyklar.

Integreringsprosjektet VirVelVinn jobber med flyktningene som deltar i arbeidsgruppe, hvor det er 6 mål, som skal nås i forhold til jobb, fritid, kartlegging, organisasjonsarbeid m.m.

Nytt i 2018 var at skolelunsjen ble daglig gjennomført i samarbeid med sykehjemskjøkkenet, frivilligsentralen, skolen og frivillige.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Halsaland begynte samarbeidet innen folkehelsearbeid med Hemne i 2018. En arbeidsgruppe med deltakere fra Halsaland/Hemne og Snillfjord har laget forslag til ny stabshenhet for samfunnsutvikling i Heim. Fellesnevner er; kultur, næringsutvikling, innovasjon, plan og strategi og folkehelse. Både kommunepanleggjer, folkehelsekoordinator, miljøpsykolog og samfunnsmedisiner er foreslått inn i denne enheten. Det er ønsket om å skape en framoverlent og utviklingsorientert stab. Visjon innen samfunnsutvikling er å skape kommune 3.0, der innbyggerne og kommunen i fellesskap finner de gode løsningene.

Hemne og Halsaland begynte samarbeidet med planstrategi for nye Heim kommune for å få til en ønsket samfunnsutvikling. Innen 1. juni 2019 skal en oversikt over helsetilstanden og påvirkningsfaktorer for Halsaland/Hemne være ferdig.

7 Demensvennlig samfunn og ALLEMED- dugnaden

To nye prosjekter ble startet opp i 2018 i Halsaland i regi av Frivilligsentralen. Kampanjen Demensvennlig samfunn i regi av nasjonalforeningen for folkehelsen ble undertegnet. Demensforeninga med leder for frivilligsentralen har begynt arbeidet med å kurse opp servicenæringa og ansatte i kommunen.

ALLEMED- dugnaden er et verktøy som skal gjøre det lettere å inkludere alle barn og unge i fritidsaktiviteter og å øke kunnskapen om fattigdom og utenforskap. Frivilligsentralen står i spissen og har med seg kommunen og frivillige lag og organisasjoner i styringsgruppa.

Innbyggartal: 9.383

Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:
Marit Elisabeth Tande

E-post:
marit.tande@haram.kommune.no

Telefon: 90 36 42 51



Foto: Marit Tande



Friskus møte for tilsette november 2018.
Foto: Marit Tande

1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Oversikta over helsestilstanden viser at psykisk helse er eit viktig innsatsområde, der ein må tenke langsiktig og systematisk innsats. Kommunen har utarbeida ein tverrsektoriell handlingplan for psykisk helse for born og unge i Haram. Planen skal sikre born i barnehagen og skule eit godt psykososialt miljø, auke kunnskap og kompetanse om psykisk helse, sikre betre oppfølging av born med psykiske vanskar og lidingar og sikre tverrfaglig samarbeid til born med særlege behov.

I arbeidet med arealdelen av kommuneplanen er det krav til leikeareal som skal fremje fysisk aktivitet og rekreasjon til ulike årstider, sosialt samvær mellom innbyggjarane i bustadområdet, samt samhandling mellom ulike aldersgrupper.

Haram kommune vart nominert til årets MOT-partner kommune 2017/2018. Alle skular er med i programmet "Skulen som samfunnsbygger".

2 Helsevennlig arbeidsliv

Stikk UT! bedrift retter seg mot arbeidsplasser som ønsker å førebygge sjukefråver og motivere tilsette til fysisk aktivitet og positive naturopplevingar. I Haram kommune har fleire bedrifter vore med på Stikk UT! bedrift i 2018.

Haram kommune er ein del av prosjektet NED med sjukefråværet. Dette er eit samarbeid med NAV for å bidra til å redusere sjukefråværet i kommunar i Noreg som over tid har hatt 10 % sjukefråvær.

Det har vore halde konferansar i alle kommunane for å vise samanhengane mellom mestringsorientert leiing og redusert sjukefråvær, og for å støtte opp under kommunanes vidare arbeid for å få til ein varig reduksjon. I Haram har det vore oppfølging gjennom samlingar på dei enskildte arbeidsstadane der ein har jobba seg fram til konkrete tiltak. Arbeidet held fram og i 2019 med vidare oppfølging av workshopane som har vore og tiltaka som vart sett i gang. Arbeidet med NED heng i hop med arbeidet rundt 10 faktor.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Ei arbeidsgruppa samansett av ulike fagpersonar og brukarrepresentant har jobba fram ein plan for habilitering og rehabilitering. Målsettinga er å bidra til å bevare eller betre mennesket sin mulighet for deltaking i eige liv. Kommunen skal jobbe førebyggjande og sikre tilbod som bidreg til læring og mestrings.

Kommunen ynskjer å skape permanente lokale lavterskel møteplassar i heile kommunen for å forebygge einsemd blant eldre som bur aleine eller er ufrivillig isolert på grunn av geografiske årsaker. Gjennom tilskot og tverrsektorielt samarbeid vil vi etablere lavterskel møteplassar på biblioteka for alle eldre i lokalsamfunnet.

Kvardagsrehabilitering har blitt eit etablert tilbod i kommunen etter avslutta prosjektperiode. Eit slikt tilbod bidreg til å hjelpe innbyggjarar til å vere mest mogleg sjølvhjelpen i eige liv og kunne bu heime lengst mogleg.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Barnetrakke er ein metode å kartlegge korleis born brukar arealet i nærmiljøet sitt og gir dei moglegheit til medverknad i planlegging av staden der dei bur. Barnehagane nytta manuell registrering der dei fekk utdelt kart/flytoto medan alle 5. klassingane fekk registrere digitalt. Planleggjar, folkehelsekoordinator, næringsrådgjevar og barnerepresentant reiste rundt på skulane for å registrere og reflektere saman med borna og lærarar. Rapporten frå barnetrakk er nyttig informasjon som grunnlagsmateriale i arbeidet med rullering av arealplan.

Skulevegen til Tennfjord barneskule har blitt tryggare ved etablering av gang- og sykkelvegnett i Eidsvik og Tennfjordområdet. Dette håper vi kan stimulere til mindre bruk av bil som transportmiddel og auka bruk av sykkel.

Haram kommune ved folkehelsekoordinator og skuleeining har for andre året på rad fått sponsa gratis refleksvestar til born på ulike skular i kommunen.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Friskus er ein digital møteplass og samhandlingsplattform for frivilligheit som Haram kommune har vore så heldige å få byrje å ta i bruk. Frivillige lag og organisasjonar samt tilsette i kommunen har hatt jamlege møter for både opplæring og framdrift. Friskus har ein brukarvennlig aktivitetskalender der vi samlar arrangement og frivillige oppdrag i Haram kommune. Dette er ein flott arena for vise mangfaldet av frivillig aktivitet og engasjement på ein plass. Og på den måte gjere det enklere å rekruttere men også gi innbyggjarane høve til å bli kjent med det som skjer i kommunen og bli med på ulike aktivitetar.

Haram folkebibliotek er eit aktivt og inkluderende bibliotek med eit mangfald av aktivitetar. Biblioteket saman med frivilligkoordinator og næringsrådgivar har etablert "Haram kvinner" ein møteplass og ressursbank for alle kvinner.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Kommuneplanen sin arealdel har vore lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i samsvar med plan og bygningslova. Det har kome eit mangfald av innspel i høyringsrunda og arbeidet med arealdelen fortsett inn i 2019.

Det blei gjennomført Ungdata undersøking våren 2017. Ungdområdet har jobba vidare med resultat etter ungdatabundersøkinga og inviterte alle elevråd, tilsette som jobbar med born og unge samt politikarar til ein elevrådskonferanse med psykisk helse og rus på dagsorden hausten 2018. I samarbeid med mental Helse Haram blei det ein givande dag med foredrag frå Go'nok, presentasjon av Ungdata resultat frå folkehelsekoordinator og KoRus og gruppearbeid knytt til resultat. I etterkant denne dagen var representantar frå ungdområdet i kommunestyret for å orientere kort dagen og sette politisk fokus på både ressursane og utfordringane som kom fram på elevrådskonferansen.

7 Folkehelse i nye Ålesund

Kommunen er i ein prosess der vi skal slå oss saman med Skodje, Sandøy, Ørskog og Ålesund. Den nye kommunen skal vere i drift frå 1.1.2020

I samband med dette har folkehelsekoordinatorane vore i faggruppe for å kartlegge kva arbeidsoppgåver som utførast av folkehelsekoordinatorar i dag, dagens organisering i dei ulike kommunene og kva utfordringar vi ser på folkehelseområdet. I nye Ålesund kommune vil satsing på folkehelsearbeid vere ei investering for betre liv til innbyggjarane og for å utvikle eit berekraftig samfunn. Folkehelse har blitt organisatorisk plassert i overordna stab og ein håper å få til gode system og rammer for å bidra til ei samfunnsutvikling som fremma folkehelse og utjevnar sosiale helseforskjellar.

Hareid

kommune

Innbyggartal: 5.148 (3.kv. 2018)

Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:

Monica Torvik

E-post:

monica.torvik@hareid.kommune.no

Telefon: 70 09 50 00



Korsong på Overåsanden.



Morgonsol over Hareid.

1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Ein god start i livet

Alle barnehaga har avsett tid til måltider fleire gangar for dag. Og ein freistar å legge til rette for at barna skal få oppleve at måltida skal vere noko meir enn berre det å få "fylt opp tanken".

Ungdata

Vi har etablert "ungdata"-ansvarleg i kommunen, som planlegg ny ungdatabesøking 1. kvartal 2019. Dette i samarbeid med KoRuS og nabokommune Ulstein.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Hareid kommune er ei IA-bedrift og jobber kontinuerlig med arbeidsnærver. I Hareid har vi godt oversyn over, til dømes sjukefråvær og det vert sett inn tiltak der det er aktuelt. Til dømes i samarbeid med NAV.

Det vert årleg delt ut arbeidsmiljøpris til dei einingane/arbeidstakarane, som har gjort ein god innsats for arbeidsmiljøet.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Frivilligsentralen driftar mange tiltak for eldre. Som til dømes seniornett, eldretreff, drift av bruktbuikk og mange andre gode tiltak.

Kommunen, i samarbeid med Frivilligsentralen, organiserer "Den kulturelle spaserstokk" og legg til rette for kunst og kulturuttrykk på sjukeheimen.

Kulturskolen har jamnelege musikkonsertar på sjukeheimen og dette fremjar trivsel og samhold.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Miljøgata

Hareid kommune er i ferd med å realisere miljøgateprosjektet. Dette er eit prosjekt som skal fremje tettstadutviklinga i Hareid sentrum. Ein legg gjennom dette prosjektet til rette for ei oppgradering av Kjøpmannsgata og gjere den meir funksjonell og attraktiv som handelsgate for alle. Gjennom dette freistar ein å legge til rette for trivsel, busetting og handel i Hareid sentrum.

Planprosessen har vore gjennomført med breid deltaking der næringsliv, grunneigarar, lag og organisasjonar, politikarar og tilsette i kommunen, barn, kunstnarar og landskapsarkitektar har vore representerte.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Hareid kommune bidreg årleg med økonomisk tilskot og fagleg kompetanse til lag og organisasjonar i kommunen. Det vert årleg delt ut kulturmidlar til drift og arrangement og kommunen gir eit direkte årleg driftstilskot til Ishavsmuseet Aarvak og til Hareidsstemna.

Indirekte vert det gitt tilskot ved at lag og organisasjonar kan trene gratis i Hareidhallen og på idrettshallane ved skulane. Kommunen er aktiv medspelar med ulike lag når det gjeld arrangement gjennom året, for å gje det beste tilbodet til så mange som muleg av innbyggerane.

Kommunen og frivilligsentralen samarbeider om ulike kulturarrangement gjennom året. Kommunen vil arbeide for å systematisere samarbeidet mellom frivillige lag og organisasjonar og kommunen.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Folkehelsekoordinatorstillinga vart ei ny stilling i Hareid kommune, frå januar 2013. Den ligg for tida organisatorisk plassert i sektor for Samfunnsutvikling. Det vert arbeid for å implementere folkehelse i alle dei kommunale sektorane.

Folkehelsekonsekvensar er innarbeidd som del av alle saksutgreiingar til politisk nivå. Folkehelsekoordinatorstillinga er ei sektorovergripande stilling som skal arbeide for heile kommuneorganisasjonen. Hausten 2018 vart det oppretta eit interkommunalt samarbeid med Ulstein kommune, vedrørande folkehelse og SLT arbeid. Det er utarbeidd ein handlingsplan med mål og tiltak for dette arbeidet.

7 Kulturbygda Hareid

Det er mykje God Helse i aktivitetar knytt til song og musikk. I Hareid finst det gode mulegheiter for å utøve song og musikk på ulike måtar og på ulike nivå. Fleire kor, songarar, muskarar og korps/orkester i Hareid, markerer seg på eit høgt nivå, også nasjonalt/internasjonalt. I 2018 har kommunen satsa på kulturfronten, mellom anna gjennom tilsetning av kulturkonsulent. Dette fører til at kommunen no kan jobbe meir systematisk på dette feltet. Mellom anna arbeider ein for at UKM blir jobba med gjennom heile året.



Ein av aktivitetane på Herøy kommune sitt opne arrangement på verdsdagen for psykisk helse 10. oktober 2018.

Foto: Thomas Sporsheim



1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Fritidsklubben har vore i fullt driv i 2018. Klubben er open fredagar, har matsal og aktivitetar for ungdom. Ein populær samlingsplass for ungdom frå heile kommunen. Ungdomane ynskjer tiltaket utvida. Eiga facebookside "Fritidsklubben".

Frivilligsentralen si natteravngruppe har vore aktive i 2018 og har samarbeid med MOT, FAU og ungdomsskulane.

Kommunen har jordmor i 50% stilling og tilbod om svangerskapsomsorg og foreldreførebuaende kurs. Helsestasjonen har tilbod til alle i aldersgruppa 0-20 år som bur og oppheld seg i Herøy kommune.

Barnas turlag Herøy losar mange barnefamiliar på tur i fjell og fjøre. Overnatting, grilling og sosial samkome. Lavterskel tilbod av uorganisert aktivitet.

Sunnmørsbadet har babysymjning. Kommunen leiger badet til symjeopplæring for skuleelevar og barnehagebarn.

Tannhelsetenesten er ute i skular og barnehagar og lærer barn godt tannstell.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Kommunen har bedriftshelseteneste for sine tilsette. I 2018 vart det helde informasjonsmøte og påfølgjande vurdering av arbeidsplass. Fleire tiltak for helsevennleg arbeidsliv vart gjort. Døme er tilrettelagt kontorpult med hev-/senkefunksjon, rett innstilling av kontorstol, nye kontorstolar og databriller.

Herøy 10 på topp har eiga klasse for bedrifter/ arbeidsplassar med eiga premiering.

Bedrifter kan kjøpe årskort på Sunnmørsbadet for sine tilsette og familien. Dette er eit populært trivsels- og helsetiltak.

10. oktober 2018 arrangerte Herøy kommune for første gang eit ope arrangement for psykisk helse. Det var stands i sentrum, gratis boccia i parken og gratis kino på kvelden. Lokalavisa presenterte fleire artiklar om psykisk helse i forkant av arrangementet. Gratis vafler vart servert til sang, dans og innlegg frå scena. Gode tilbakemeldingar! Om ressursane tillet det vil vi prøve å gjenta suksessen.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Herøy kommune har kreftkoordinator i 100 % stilling som arbeider med rehabiliteringstilbod til folk som har eller har hatt kreft.

Vi har to aktive pensjonistlag i kommunen som steller i stand populære arrangement og reiser for eldre. Sosialt og inkluderande.

Seniordans er aktiv med mange medlemmar, søker fleire menn på grunn av overvekt av kvinner.

Aktivsenteret tilbyr ein populær seniortrim. Begge opptrer ved diverse høve.

Frivilligsentralen organiserer utkøyring av middag til eldre som bur heime, tilbyr hørselshjelp ved at hørselshjelpa kjem til frivilligsentralen iblant.

Sanitetsforeiningane i kommunen er aktive og arrangerer basarar o.a.

Det er eiga seniorbading på Sunnmørsbadet. Damebadinga på måndagar er populært og inkluderer ein full time med vassgymnastikk som mange benyttar seg av. Her er flest eldre damer, men tilbodet er for alle aldre.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

I 2018 vart ein parkeringsplass omregulert til park-/leik midt i Fosnavåg sentrum. Parken kallast Solparken med bakgrunn i at her er solfylt og i tillegg vindskjerming av bygningar. Planen er at parken skal romme sitjeplassar, element for stille leik, fontene og scene/ opphaldsplass for ungdom (spesielt). Utbygging i 2019/2020.

Byutviklingsprosjektet/ tettstadprogrammet har god framdrift. Klatreparken i Fosnavågparken stod ferdig i september 2018. Her vart også bygd ei grillhytte i 2018, til stor glede for ålmenta. Her arrangerast barneselskap og her er blitt ein ny, triveleg og trafikksikker treffstad for skular og barnehagar.

Årgang 17 av "Herøy 10 på topp" hadde rekorddeltaking i 2018 med 942 deltakarar.

Det er opparbeidd fleire turløyper i kommunen siste åra og vi ser at aktiviteten aukar når tilgjengelegheita vert betre. Tilrettelagde løyper er eit lågterskel, sosialiserande trivsels- og folkehelseiltak som folk i alle aldre set pris på.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Frivilligsentralen driv lavterskel møteplassar med fokus på inkludering. I 2018 har her vore vekentleg strikkekafe, radiobingo, babytreff, seniorsurf og språkkafe, og i tillegg fleire arrangement aleine eller i samarbeid med andre frivillige aktørar.

HerøyLAN har hatt fleire vellukka arrangement også i 2018. Tiltaket er svært positivt for datainteressert ungdom. God sponing frå næringsliv, veldrifta facebookside og allsidige aktivitetar i samband med arrangementa.

Kulturskulen hadde mange deltakarar i UKM 2018. Kulturskulen har tatt tak i dei signaliserte ynskja om enda fleire typer aktivitetstilbod i kulturskulen, spesielt for ungdomane. Det vert spanande å sjå kva ein får til og om søkjartala vert nok til å etablere tilboda.

Biblioteket innførte i 2018 sjølvbetjeningsbibliotek der ein kan gå inn og låne bøker, filmar mm også utanom ordinær opningstid.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Kommunen har arbeid med å følgje opp resultatata av ungdata-undersøkinga frå 2017. I februar 2018 vart det helde eit dialogseminar med utgangspunkt i resultatata frå Ungdata-undersøkinga. Det kom fram ynskje om fleire tiltak som ungdomane gjerne vil ha gjennomført. Det er sett av nokre midlar i budsjett for 2019 til gjennomføring av tiltak. Tiltaka skal betre oppvekstmiljøet for barn og unge i kommunen. Tiltaka omfattar både psykisk og fysisk helse.

Gjennom Tjørnvåg IL, trimgruppa sitt mangeårige stimerkingsprosjekt vart det også i 2018 etablert nye tiltak. Tiltaket aukar muligheita for inkludering/ deltaking også for dei som ikkje kjenner terrenget så godt. God facebookside.

Fosnavågaren velforening fortener honnør for den gode jobben dei har gjort i klatreparken gjennom samarbeidsprosjektet med kommunen i 2018.

7 Folkehelse i strategisk planlegging

Dei seks gjennomgåande perspektiva i kommuneplanen er:

- Universell utforming
- Folkehelse
- Barn og unge
- Likestilling
- Verdiskaping
- Miljø og klima

Folkehelse skal stå sentralt i all kommunal planlegging. I byutviklingsprosjektet er det lagt stor vekt på å fremje folkehelse, særleg sosialt i høve til at det skal finnast lavterskeltilbod for alle aldersklasser. Kostnadsfritt og med likt tilbod til alle (gratis wifi t.d.).

I samband med kommunale og private planar og utbyggingar vert det lagt vekt på å sikre ålmenta sine muligheiter til å ferdast i området, t.d. strandsonen.

Kommunen arbeide i 2018 med utarbeiding av lokal kulturminneplan. Kommunen har ikkje sterk tradisjon for bevaring av det gamle. Vi vonar at ein kulturminneplan kan sette fokus på verdien av kulturminne og også bidra til auka historisk interesse og identitetsfølelse blant innbyggjarane i kommunen

Ei skuleklasse frå Ytre Herøy ungdomsskule har aktivitetstime i den nye klatreparken som stod ferdig i september 2018.
Foto: Herøy kommune

Kristiansund kommune

Innbyggertal: 24.300

Folkehelsekoordinator i 100 % stilling:

Bente Elshaug

E-post:

bente.elshaug@kristiansund.kommune.no

Telefon: 71 57 41 00 / 957 05 451



Foto: Hans Ohrstrand



Det ble etablert sykkel-parkering under tak med sørvisstasjon ved alle Sundbåtkaier i Kristiansund. Foto: Korman Garshol

1 Samfunns-utvikling for ein god start i livet

Helsefremmende oppvekst - HOPP - startet som et prosjektarbeid med midler fra Helsedirektoratet. Bakgrunnen var et ønske om tjenesteforbedring, spesielt med tanke på forebygging og oppfølging av overvekt og fedme blant barn og unge. Prosjektet forutsetter et tett samarbeid og forankring innenfor det kommunale området oppvekst. Målgruppen er gravide, samt barn og unge fra 0-20 år og deres familier. Målsettingen er å fremme helse, utvikling, læring og trivsel hos barn og unge. Bidra til å redusere sosiale ulikheter i helse, forebygge overvekt, fedme, inaktivitet og livsstilssykdommer. De ulike HOPP tiltakene skal prøves ut i enkelte barnehager og skoler. Det vil bli søkt prosjektmidler også for 2019 og 2020.

Byen som regional motor har gjennom fylkeskommunalt tilskudd, kommunale og private midler arbeidet jevnlig med sentrumstiltak. Nye planer med fokus på barn og unge som uteoppholdsareal, egenorganisert aktivitet og trivsel er satsingsområder.

2 Helsevennlig arbeidsliv

For tredje året på rad er kommunen med på "Sykle til jobben". Det er en gratis avtale for innbyggerne i Kristiansund, og både enkeltpersoner og bedrifter har vært med. Vi ser en økning i antall deltakere fra 2017 til 2018. Sykle til jobben aksjonen er en del av de ulike sykkeltiltakene som kommunen har igangsatt. Dette er overbygd sykkelparkering, reasfaltering av nye sykkelveier og merking av sykkelveier. StikkUT bedrift benyttes av flere enheter i kommunen, videregående skole og private bedrifter. Stor aktivitet og engasjement vises på sosiale medier. Flere melder tilbake om stor deltagelse og interne konkurranser og premiering.

Et systematisk arbeid er startet med å bygge gode og helsefremmende arbeidsplasser. Disse arbeidsplassene fremmer helse gjennom trivsel, utvikling og vekst. De forebygger uhelse ved å forhindre skade og sykdom og de gjør sykefraværet kortest mulig ved å tilrettelegge arbeidet på en god måte.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Sterk og Stødig er en norsk modell for forebyggende trening for seniorer. Den baserer seg på flere internasjonale studier som har undersøkt effekten av balanse- og styrketreningsprogram for eldre med risiko for fall og funksjonssvikt. Frivillige instruktører får opplæring som Sterk og Stødig-instruktør, og står for drift av gruppetrening en gang i uken, mens kommunalt ansatte fysioterapeuter sørger for veiledning og oppfølging av instruktørene. Kristiansund kommune samarbeider med Pensjonistforbundet om Sterk og Stødig. I 2019 er det planlagt kurs for nye frivillige instruktører og fysioterapeuter i nærliggende kommuner. Velferdsteknologi skal være en integrert del av tjenestetilbudet i helse- og omsorgstjenestene innen 2020. I Kristiansund kommune har vi kommet godt i gang med implementering av velferdsteknologi. Innen 2019 vil elektroniske medisindispensere, digitalt tilsyn og GPS for hjemmeboende være en del av tjenestetilbudet.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

I Kristiansund samarbeider kommunalteknikk og miljørettet helsevern for å sikre og påvirke til et trygt ytre miljø. I trafikk-sikkerhetsplanen er nå forurensning fra biltrafikk tatt med som et fokusområde. Sammenliknet med en del andre byer er luftforurensning et lite problem i vår by, men det kan likevel være visse trafikkpunkt som på gitte tider kan ha noen forøkte verdier av partikler og avgasser. På kommunens hjemmeside er det en lenke til "Luftkvalitet /Miljøstatus.no" der kommunens innbyggere kan gå inn for å få opplyst om beregnet forurensningsstatus.

Kommunalteknikk følger opp forurensning av hav og grunn.

Kommunen har også kontinuerlig overvåkning av badevannskvalitet og drikkevannskvalitet.

Miljørettet helsevern samarbeider med kommunale enhetsledere for å sikre best mulig innemiljø i offentlige bygninger.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjoner

StikkUT engasjerer og samler flere frivillige lag og ildsjeler til innsats. Freimarkas venner er en stor bidragsyter i merking og rydding av turstier. Ildsjeler melder seg for å bidra med å passe på kasser og bøker. Kristiansund Frivilligsentral arbeider for nye og egnede lokaler i sentrum av Kristiansund. Det planlegges sammen med bygging av nye omsorgsboliger i sentrum. Utstyrspoolen MAGASINET driftes av mange gode frivillige. Det planlegges oppstart av BUA (gratis utlån av utstyr til sport og fritid), når det flyttes inn i nye og tilrettelagte lokaler. Ny facebook side har vært med å økt antall frivillige til ulike arrangement, og mange spennende prosjekter er på gang og vises godt via facebook.

Det arbeides med å få en digital møteplass for aktivitet og frivillighet. Frivilligkoordinator ansettes på nyåret 2019.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Helhetlig oppvekstplan for Kristiansund ble ferdigstilt høsten 2018. Planen er en overordnet strategiplan og vil være et verktøy for politisk og administrativ ledelse i kommunen og enhetsledere i kommunen. Oppvekstplanen bygger på samfunnsdelen av kommuneplan for Kristiansund. Hovedmålsettingen er at vi har barn og unge som mestrer livene sine i dag og i fremtiden, og som skaper og lever meningsfylte liv. I 2019 skal det arbeides med å konkretiser strategiene ned i handlingsplaner og tiltak. På oppdrag fra Miljødirektoratet er det etablert en arbeidsgruppe sammen med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal der en kartlegger og verdsetter friluftsområder i kommunen. Dette er et godt virkemiddel for å identifisere, utvikle og ivareta areal for friluftsliv. Den foreløpige kartleggingen ønsker arbeidsgruppen tilbakemeldinger på og dette gjøres vinteren 2019.

7 Klimanettverk Nordmøre

Kommunen har egen tverrsektoriell gruppe som arbeider med å redusere klimagassutslipp. Likedan er det etablert et kunnskapsnettverk med 6 andre Nordmørskommuner.

Det som er bra for klima er også bra for folkehelse:

Mindre bilkjøring, mer trim med sykkel og gange.

Mindre bilkjøring, færre ulykker.

Mindre fossil bilkjøring, mindre avgasser og veistøv.

Mindre bilkjøring, mindre støy og støyplasser.

Mer tre i hus, bedre byggarbeids- og bomiljø jfr betongbygg.

Forstyrret klima kan gi ødelagt matproduksjon.

Mer ekstremvær er en trussel for drikkevannskvalitet.

Midsund kommune

Innbyggartal: 2.041

Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:

Malvin Gjendem Bjørnerem

E-post:

malvin.bjornerem@midsund.kommune.no

Telefon: 71 27 05 00 / 71 27 05 33



Foto: Jiri Paur



Foto: Jiri Paur

1 Samfunns-utvikling for ein god start i livet

Midsund kommune har blitt ein språkkommune og språkstrategien skal gje barn og elevar i Midsund kommune ein likeverdig og god start på eit liv med læring, gjennom å møte kompetente vaksne i barnehage og skule som vil gje dei ein god språkforståing og kompetanse i lesing og skriving.

Midsund kommune deltek i Ungdata undersøkingar. Midsund skule deltek i det internasjonale skuleutvekslingsprogrammet Erasmus+. I Midsund er helsesøstertenesta styrka med 50 % stilling i skulehelsetenesta, der er jordmortilbod i 25 % stilling og amnehjelp.

Skodje kommune tek i bruk ulike former for velferdsteknologi som vil kunne gje auka meistring, tryggleik og sjølvkjensle.

Det blei i 2018 sett i gong bygging av døgnbemanna omsorgsbustader, utforma og innreidd slik at bebuarane skal vere sjølvhjelpete så lenge som råd er.

LHL har gjennom siste åra fått utplassert eit stort tal benkar og bord langs turvegane og på uteplassar.

Stikk-Ut og Stikk-Ut ski motiverer mange ut – også eldre. Friluftsrådet koordinerer Stikk-ut og sikrar at mange kommunar er med.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Tiltak for sikkert og reint vatn:

- Etablert høgdebasseng med 1,6 mill liter vatn på Storsætra som reserve i tilfelle leidningsbrot
- Skifta 2,5 km vass-leidningsrør
- Etablert anlegg for krisevassforsyning i tilknytning til badeplassen på Fylling.

Den offentlege badeplassen på Fylling er rydda, fått påkjørt sand og det etablert ein liten vør for utsetjing av kano og kajakk. I tillegg er det tilgang på toalett. Det er statleg sikra parkeringsplass like ved.

Det blei i 2018 bygt flott turveg mellom Valle og Glomset. Turvegen knyter to bygdelag betre saman, då bilvegen er lite eigna for mjuke trafikantar. Det er bygt 2 km gangveg frå Høgsætra mot Svartevatnet.

Hold Norge Rent-aksjon gjennomført i slutten av april. Aksjonen var koordinert av kommunen, og frivillige, skular og barnehagar rydda strendene. Årim henta søppelet. Nasjonal NRK-sending frå Murvika i Skodje under den aksjonen.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Pensjonistlaget inviterte tradisjonen tru til ulike kulturarrangement kvar månad i 2018. I tillegg blei det lagt fire arrangement til Skodje omsorgssenter.

Skodje frivillige aktivitetssenter gjennomførte fleire internasjonale kafe-tilstellingar på Gomerhuset

Gomerhuset er arena for store kulturarrangement:

- 17. maifeiring med 5. trinn ved Skodje barne-skule som arrangør.
- Fjord Cadenza-festivalen i midten av august i regi av frivillige knytt til Fjord Cadenza.
- SkodjeDagane, sals- og utstillingsmesse v/Skodje skulekorps, medio sept.
- Årleg kulturveke i okt
- Familiedag/julemarknad som start på adventstida. Hovudarr: 8. trinn ved Skodje u-skule

Skodje IL har stor aktivitet for barn. Berre handball-gruppa åleine aktiviserar omkring 150 barn og unge. Veksten her har skjedd på berre få år. Aktiviteten har også ei betydeleg sosial side.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

I Skodje har vi kommunestyrevald Styringsgruppe for folkehelse, samansett av sentrale politikarar, einingsleiarar og representantar for frivillige.

Styringsgruppa brukar folkehelseprofil, ungdomsundersøkingar, brukarplan og egne erfaringar som kunnskaps-grunnlag for å avdekke folkehelseutfordringar.

Det merkast også at kommunen har administrative utfordringar (kapasitet/kompetanse) som gjer at vi ikkje har nok grunnlag til å gjere vurderingar om tilstanden.

Folkehelseiltak sett fram av denne Styringsgruppa for folkehelse er teke inn i kommunen sitt årlege handlingsprogram. Tiltaka er konkretisert i einingane sine handlingsplanar.

7 Tilrettelegging for friluftslivs-aktivitet

Skodje kommune gjennomførte i 2018 kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområde. Ei politisk oppnemnd gruppe stod for arbeidet, saman med administrativt personale frå kommune og friluftsråd. Ressurspersonar frå dei ulike grendene blei også kopla på arbeidet.

Mange idrettslag i kommunen gjer ein stor jobb med å oppretthalde og merke stiar. Det er eit viktig bidrag til å få folk ut i naturen.

Løypekjøring om vinteren i fleire skiområdet har ført til ein eventyrleg vekst siste åra i tal menneske som nyttar områda til trening og friluftsliv.

Innbyggertal: 2.134

Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:

Lillian Langset

E-post:

lillian.langset@smola.kommune.no

Telefon: 900 964 83



Foto: Wigdis Wollan



1 Samfunns-utvikling for ein god start i livet

Stormen ungdomsklubb er en plass for ungdommen på Smøla. Klubben er åpen flere ganger i uken og det er en ungdomsarbeider tilstede som har ansvar og drifter klubben. Ungdomsrådet og ungdommen har selv renovert, malt og forbedret klubbens lokaler.

Kulturindeksen for Smøla er god. Og særlig når det gjelder tilrettelagte tilbud for barn og unge. Smøla har blitt godt rangert innenfor kulturskole og den kulturelle skolesekken.

Det bygges nytt klubbhus for Smøla IL. Klubbhuset er samlokalisert med fotballbane, løpebane, hall og skoleområde.

Ungdom 15–17 år har mulighet til å være sommeraspiranter på sykehjemmet.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Det er økt kompetanse innenfor området demens. Flere ansatte ved Smøla sykehjem og hjemmetjeneste har gjennomført kompetanseprogrammet "Demensomsorgens ABC".

Det er økt kompetanseheving innenfor området livsstil, fysisk aktivitet, ernæring og mestring. Det avholdes kurs ved frisklivssentralen.

Frisklivssentralen på Smøla er en suksess og bidrar til å bedre folkehelsen. Målgruppen er først og fremst for de i arbeidsdyktig alder, som har utfordringen vedrørende levestil, vaner, overvekt, inaktivitet, sykefravær, psykisk og sosial helse.

Alle ansatte i helse- og omsorgsenheten har gjennomført HLR kurs, kommunen har kjøpt E-læringsprogram fra NHI som skal benyttes jevnlig av forskjellige helsepersonell.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Det er vedtatt bygging av nye omsorgsboliger for eldre. Boligene skal bygges ved siden av Smøla helsesenter og sykehjem. Smøla har de siste årene vært en av fem pilotkommuner for pasient- og brukersikker kommune. Formålet er å sikre gode tjenester, kvalitet og effektivt samarbeid i helse og omsorgsenheten.

Hverdagsrehabilitering er et tilbud for de eldre i kommunen, hvor flere faggrupper arbeider sammen for å bidra til at den eldre skal kunne klare seg selv, lengst mulig i eget hjem.

Pensjonistforeningen holder til i lokaler på Hopen. Foreningen bidrar til støtte og fellesskap for seniorer i kommunen. Dette er en flott møteplass og arena for gode samtaler, aktiviteter og sosialt samvær. De eldre står selv for innhold og transport.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Det er mange som går Stikk UT turer på Smøla. Det er heldigvis mange frivillige som bidrar til trygg og god ferdsel i Smølamyrene. Det er mange dugnadstimer som er lagt ned i å forbedre eller vedlikeholde stier, klopper, plank og skilting. Dette gjør at det er trivelig og trygt å gå tur!

Smøla har tatt i bruk velferdsteknologi. Dette skal skape god helsetjenester og trygge rammer for de som bor i eget hjem. Flere boliger har nå E-låser, digitale tilsyn og trygghetspakker.

Veiadressering er gjennomført i alle boliger, husstander og næringsvirksomheter på Smøla.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjoner

Flere blir aktivitetsvenn på Smøla. En aktivitetsvenn er en frivillig person som er tilstede for en annen person med omsorgsbehov. Dette bidrar til å redusere ensomhet, skape trygghet og øke trivsel.

Atlantehavsukene arrangeres på sommeren av ivrige ildsjeler. Denne uken består av tre store konkurranser: padlemaraton, triathlon og swimrun. Flere private aktører har gått sammen for å skape en hel uke med fysisk aktivitet, sosialt samvær og adrenalin.

Kystpilgrimsleia har valgt å etablere såkalte nøkkelsteder langs kysten. Dette for å koble leden til kulturhistoriske steder. Edøya på Smøla er et av disse stedene og man kan gå turer til Kulisteinen og Edøy gamle kirke.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Utarbeidelsen av folkehelseoversikt startet i 2018. Det er skapt systematikk for å sikre flest mulig tall og statistikk som skal representere kommunen. Både kommunale, private, frivillige, lag og organisasjoner har bidratt til denne oversikten. Det ble gjennomført Ung data undersøkelse våren 2018. Denne undersøkelsen har tidligere bidratt til viktige og interessant tall for ungdommen på Smøla.

Det er brukt mye tid på møte forskjellige grupper, foreninger og organisasjoner på Smøla. Dette for å kartlegge og undersøke behov, utfordringer og fremme god folkehelse.

7 Plastjegerne på Smøla

Plastjegerne har ett mål om å få fjernet mest mulig plast og marine avfall rundt kysten og skape en holdningsendring i samfunnet. Initiativtakerne har virkelig fått med seg folket på Smøla til å rydde. På 4 dager hadde Smølafolket ryddet 86 tonn med marine avfall.

Plastjegerne i samarbeid med miljødirektoratet, Smøla kommune, SALT Lofoten og Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal satte i gang en ryddeaksjon høsten 2018 hvor lag og organisasjoner ble oppfordret til å plukke søppel og samtidig blir premiert.

Et fantastisk folkehelse tiltak som skaper bevissthet rundt forsøpling, øker fysisk aktivitet og bidrar til at naturen blir et godt hjem for dyrelivet.

Dette bildet er fra Atlantehavsuka. Her er deltakere i gang med swimrun-konkurransen som avholdes på en strekning mellom Veiholmen og Hopen. Swimrun-løypen inneholder flere etapper med svømming og løping parvis.
Foto: Wigdis Wollan

Stordal kommune

Innbyggartal: 951

Kontaktperson God Helse:

Björg Jacobsen

E-post:

bjorg.jacobsen@stordal.kommune.no

Telefon: 70 27 91 00 / 905 29 164



Foto: Bjørnar Midtbust



Stordal var vertskommune for UKM Fylkesfestival i Møre og Romsdal i 2018, der 400 ungdommar frå heile fylket representerte sine kommunar med ulike kunstuttrykk. Foto: Hallgeir Hove

1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Barnehagen har full dekning og fortløpande inntak. Høg dekning av pedagogisk personale. Ny barnehage er under bygging. Frivilligsentralane i Stordal og Norddal har hatt månadlege småbarns- og foreldretreff. Stordal skule har jobba med "Ungdomssteget i utvikling", der grunnleggjande ferdigheiter i alle fag er fokusområde. Røyk-, snus- og rusfrikontrakt på ungdomsskulen held fram. Måloppnåinga er særskild høg og ordninga er administrert av helsesjuepleiar. Helsesjuepleiar er tilgjengeleg for elevane 2,5 t i veka. Ungdata var gjennomført i 2017. Gjennom vidareføring av "Barnas kommune" samarbeidar kulturteam og frivillige lag og organisasjonar om ulike aktivitetar. Dei fleste av desse er gratis. Ungdomsklubb og frivilligsentral er samlokalisert. Det er ungdomsklubb to kveldar i veka. Frivilligsentralen har utstyrsbase for aktivitet og friluft med gratis utlån av utstyr. Frå 01.01.20 blir Stordal og Norddal kommunar til Fjord kommune og har vedteke å bli MOT-kommune.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Stordal kommune starta i 2017 eit omstillings- og utviklingsprosjekt med fokus på leiaropplæring og sjukefråver. Stordal kommune er IA-bedrift. Stordal kommune har god seniorpolitikk med start frå fylte 58 år. Etter ein enorm nedgang i møbelarbeidsplassar vart det i 2013 starta eit 4-årig prosjekt "Vekst i Stordal". Målet var 75 nye arbeidsplassar og prosjektet er ein suksess med god måloppnåing. Prosjektet er vidareført og det er stor optimisme med tanke på fleire arbeidsplassar.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Dagsenter ved Stordalstunet er ferdig utbygd, men er ikkje i drift enda. God dekning på institusjonsplassar og heimeteneste. Eige kjøkken med mulighet å bestille mat for heimebuande eldre. Kulturkafe ein gong i månaden. Denne er drifta av midlar frå "Den kulturelle spaserstokken". Biblioteket har lesestund med frivillige leseombod kvar veke. Stordal har fleire lag og organisasjonar som gjer ein stor innsats, t.d. Stordal helselag som har aktivitet for bebuarar på Stordalstunet annakvar veke. Stordal Helselag i samarbeid med kommunen og lokal bank har kjøpt inn Rickshawsyssel. Stordal helselag og kyrkja har torsdagskafé med andakt, loddsal og underhaldning ein gong i månaden. Mental helse Stordal har ulike aktivitetstilbod og medlemskveldar opne for alle. Aktivt pensjonistlag med faste møter og turar. Aktivitetsvennkurs har vore gjennomført, men er ikkje komt skikkeleg i gang. Frivilligsentral med faste opningstider og ulike aktivitetar for alle aldersgrupper. Stordal IL driftar treningssenter som blir nytta av alle aldersgrupper.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Det er gang og sykkelveg langs delar av Fv 650, men ønskje om vidareføring frå Øvrebust til Moe. Det er lite gang og sykkelveg elles. Dei fleste trafikantar, både skuleborn og andre må bruke eller krysse bilveg til og frå skule, arbeidsplass eller aktivitet. Stordal har flott natur både til fjells, i skogen og ved sjøen. Dei fleste innbyggjarane kan lett nå ein fin tur frå stovetrappa. Stikk UT!-turane i kommunen er bra merka og det er planar om meir satsing på skilting og merking. Stordalshallen er ein fleirbrukshall med idrettshall, grendasal, klatrevegg og skytebane med stor aktivitet. Korps, folkedansgrupper, kor, idrettslag osv, trener/øver gratis og i helgane er det besøkjande grupper på plass. Desse kjem frå heile Sunnmørsregionen. Ved Stordalshallen er det fotballstadion med kunstgras- og løpebane, skatepark og ballbinge. I kommunen er det også hoppanlegg, alpinanlegg og lysløyper, samt ballbinge på Dyrkorn. Leikeområdet ved Stordal skule vil bli oppgradert i 2019 og skulen har også eige symjebasseng.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Ein stor del av innbyggjarane er aktive og/eller medlemmar av frivillige organisasjonar. Det er mange ulike aktivitetar å ta del i, både innan idrett og kultur. Ein kan her nemne kulturskule, korps, kor, fotball, langrenn, hopp, alpint, folkedans, skyting, taekwon do, cheerleading og andre tiltak i regi av lag og organisasjonar. Noko av det som særmerker aktivitetstilboda, er at det kostar lite å vere med. Dugnadsånda er stor blant dei fleste, som viser at det å yte kan gi like mykje som det å berre nyte. I regi av "Barnas kommune" prøver ein å tilby lågterskel og sesongprega aktivitet og underhaldning der ein også prøver å nå nye grupper. Frivilligsentralen har opne tre dagar i veka, og faste treff for ulike grupper. Frivilligsentralen har "Åpent hus" ein gong i månaden, der målgruppa er menneske med nedsett funksjonsevne. Her blir deltakarar frå kommunane på heile Nordre Sunnmøre inviterte.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Stordal kommune har i sin samfunnsplan gode mål for folkehelsearbeidet. Lite ressursar gjer at systematisk arbeid blir nedprioritert, men vi har kort kommunikasjonsveg internt i kommunen slik at vi har mykje samhandling på tvers. Stordal kommune er i ferd med å utarbeide oversikt over folkehelsearbeidet. Stordal kommune ønskjer å vidareføre aktuelle tiltak retta mot folkehelse. Det gode samarbeidet som er oppretta med frivillige lag, organisasjonar og private er av stor verdi for Stordal kommune.

7 Frivilligheita

Sjølv om Stordal er den minste kommunen i Møre og Romsdal i innbyggartal, er aktivitetsnivå og aktivitetstilbod høgt. Det er særdeles god dugnadsånd og godt samarbeid organisasjonar imellom, og mellom organisasjonar og kommuneadministrasjon. Det skaper trivsel blant innbyggjarane. Det er eit oversiktleg samfunn, der dei fleste kjenner kvarandre, og det er for mange ein trygghetsfaktor i seg sjølv. Fleire frivillige lag og organisasjonar i Stordal driv aktivitetar og samkome med stor grad av- og nytte for folkehelse generelt og livskvalitet for den einskilde. Ved å yte til fellesskapet og gjere noko for ein annan gir også glede og folkehelse tilbake. Det er imponerende å sjå arbeidet til nokre av desse lokale laga, og Stordal kommune er svært takksame for innsatsen deira.

Innbyggartal: 9.271

Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:

Renate Love

E-post:

renate.love@sula.kommune.no

Telefon: 95 75 15 10



Foto: Sula kommune



1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

"Førebygge meir for å reparere mindre" er et prosjekt for sette meir fokus på barn og unge si psykiske helse. Her er ein inne både i barnehagar, barneskular og ungdomsskulen og jobbar direkte med barn, og møter foreldre mellom anna på foreldremøter i barnehagen. Psykologisk førstehjelpskurs og avspenning er døme på tema.

Sula fikk i desember tilskudd til systematisk identifikasjon og oppfølging av utsatte barn frå Bufdir. I denne samanheng skal kommunen kartlegge eigen samhandling, kompetanse og tilbud, og utforme en digital modell på tre organisasjonsnivå.

Unge skuleelever 17-18 år, rekrutterast til dømes gjennom somarjobb hjå ulike avdelingar i kommunen.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Bukollektiva tar inn nye landsmenn som lærlingar på arbeid med lønstilskot, og andre på arbeidsutprøving. Tilsette får tilrettelagt arbeid ved helseutfordringar. Det har i samarbeid med hovudverneombud blitt utarbeidd nye retningslinjer for kommunen sitt AKAN-arbeid.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Sula har starta opp Aktivitetsvenn for personar med sjukdomen Demens. Vi har og ein tilrettelagt sykkel som vi tar med eldre på turar. Noen barnehagegrupper er ukentleg på besøk i bukollektiva, til samvær og sang med dei eldre.

Den Gyldne Spaserstokk har på nytt starta opp i Sula etter noen år med pause. Grupper på omtrent 20 stk. går tur kvar veke. Tilsvarande gågrupper finnast på to andre stader i bygda. Kommunen har satt i gang førebyggjande heimebesøk for 80-åringar.

Rehabiliteringstenesta har starta opp gratis trimgrupper med fokus på styrke og balanse.

Dagsenteret har satt i gang med meir fysisk aktivitet til dømes via trimvideo på internett.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Heimetenesta og helsestasjonen flytta inn i nye fine lokaler med betre plass og arbeidsforhold. Slik fikk også det kommunale legekantoret bedre plass og kontor til alle.

På fleire barnehagar og skular har leikeområdene blitt oppgradert og fornya, til stor glede for store og små. Dette er områder som aktivitet blir brukt i fritida også.

Arbeidet med planlegging av nye Rørstadmarka skule som skal erstatte to eldre barneskular er i gang. I samband med skulen planleggast det fleirbrukshall, kulturscene og trygge skuleveggar til områda omkring.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Bukollektiva leigar inn eksterne musikarar til underhaldning. Frivilligsentralen har etablert seg i nye lokalar og auka aktiviteten. Her finn ein ukentleg både seniordansarar, onsdagskafe med musikk og dans, sjakk-kveldar, og et nyoppretta utstyrslager til gratis utlån. Det arrangerast og internasjonal kafé og middagsservering for eldre der det er ungdomsskuleelevar som lagar og serverar mat.

Frivilligsentralen arrangerer i samarbeid med andre lokale aktørar ein årleg seniorfestival, med stort engasjement og variert program.

Biblioteket har starta opp språkkafé kvar månad. Der kan ein kome for å lære seg betre norsk eller som frivillig for å bidra.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

I samband med arbeidet med ny kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet ble idrettslaga invitert til en workshop der engasjerte folk fra idrettskretsen var med å skape en kveld mykje aktivitet. For å få brukarmedverknad frå barn og unge, jobba alle barneskulane og ungdomsskulen med oppgåver knytt til deira fysisk aktivitet, bruk av anlegg og ønske om nye tilbud. To elevar frå kvar skule presenterte tilbakemeldinga frå deira skule i eit felles møte på rådhuset.

Arbeidsgruppa for folkehelse jobba aktivt i forkant av temakvelden #mittsula, for å skape ein arena for samhandling der ein får aktivisert innbyggjarane i størst mogeleg grad. Lokale aviser, ulike nettsider med omtale og filmsnutt, e-post og jungeltelegrafan blei brukt for å skape blest om arrangementet.

7 #mittsula- saman skapar vi det gode lokalsamfunn

Skodje kommune gjennomførte i 2018 kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområde. Ei politisk oppnemnd gruppe stod for arbeidet, saman med administrativt personale frå kommune og friluftsråd. Ressurspersonar frå dei ulike grendene blei også kopla på arbeidet.

Mange idrettslag i kommunen gjer ein stor jobb med å oppretthalde og merke stiar. Det er eit viktig bidrag til å få folk ut i naturen.

Løypekjøring om vinteren i fleire skiområdet har ført til ein eventyrlig vekst siste åra i tal menneske som nyttar områda til trening og friluftsliv.

#mittsula. Engasjerte innbyggjarar i diskusjon om mellom anna inkludering. Foto: Sula kommune

Sunndal

kommune

Innbyggertal: 7.101

Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:

Peggy Ranheim

E-post:

peggy.ranheim@sunndal.kommune.no

Telefon: 902 48 841



Foto: Driva



1 Samfunns-utvikling for ein god start i livet

Helsestasjonen har styrket skolehelsetjenesten med en 100 % stilling i 2018. Med denne ekstra ressursen er det prioritert å øke åpen kontortid på nesten alle skolene i kommunen. Plan for psykisk helse barn og unge er ferdigstilt.

Helsesøster har gjennomført kurslederopplæring i mestringkurs for ungdom.

Spesialsykepleier i psykisk helse barn og unge har tatt videreutdanning i kognitiv terapi.

Barnehagene startet "Språkløyper", implementering av språk og leseaktiviteter i barnehagehverdagen.

Kompetanseheving for personalet i skolen om psykisk helse.

Formalisert samarbeid mellom sosiallærernettverk og kommunepsykolog for kompetanseheving og i direkte arbeid.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Sunndal kommune startet i 2018 opp et lederutviklingsprogram bestående av 8 moduler, og med basis i KLPs lederprogram for helsefremmende ledelse.

I tillegg ble det i 2018 gjennomført en kartlegging av det psykososiale arbeidsmiljøet i alle avdelinger i kommunen med bistand fra kommunens bedriftshelsetjeneste.

Dette vurderes som to viktige bidrag for å sikre et helsevennlig arbeidsliv. De ansatte er kommunens viktigste ressurs og det er vårt ansvar å forvalte denne ressursen på best mulig måte.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Frisklivssentralen startet, i samarbeid med fysioterapiavdelingen, planlegging av Sterk og stødig. Frivillige er klare for instruktørkurs i januar 2019.

Forebyggende hjemmebesøk i ny form, se kolonne 7: Seniorkonferansen

Omgjøring av langtidssavdeling til bofellesskap. Bofellesskapet er et trinn i omsorgstrappen som kommunen har manglet og er et fint og populært alternativ til brukere som har behov for bolig med tilgjengelig bemanning.

Velferdsteknologi

Arbeidet med innføring av e-lås kom i gang i 2018. Første prioritet for innføring av e-lås er brukere med trygghetsalarm. Målet er å redusere tidsbruk ved utrykning da ansatte ikke trenger å dra til vaktrommet for å hente dørnøkkel. Kommunen har også anskaffet 4 medisindispensere, som monteres hjemme hos de som trenger det.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

I 2018 kunne Sunndal by på 15 Stikk UT! turer med Vinnu som en klar favoritt. To av skolene våre har fått nye nærmiljøanlegg med kunstgressbane, klatrestativ og ballbane. I sentrum er ny balansepark på plass.

Kommunens arbeid med å forbedre trafikksikkerheten ble videreført i 2018 med gjennomføring av flere prosjekter.

Det er gjennomført oppdatering av data om tilgjengelighet for rullestolbrukere og synshemmede i Sunndalsøra sentrum og ved 2 skoler.

5 nye informasjonsskilt er plassert ut på ulike steder kommunen.

3 nye "heisløse" traseer som leder skikjørere tryggere opp og ned fra toppur. Parkeringsplass i Nerdalen statlig sikret for friluftslivet med midler fra miljødirektoratet. I tillegg er kommunen en viktig bidragsyter til frivillige lag og foreninger både økonomisk og praktisk.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjoner

Sunndalskvinnen Hilde Nilsen var for sitt engasjement i Sunndal håndball, Møre og Romsdal sin kandidat til Årets ildsjel-pris som ble delt ut under Idrettsgallaen på Hamar i januar. Sunndal kommune arrangerer også lokal idrettsgalla hvert år og har mange å velge blant når priser skal deles ut. Stort frivillig engasjement med god støtte fra kommunen har fostret talenter som Ada og Andrine Hegerberg og Guro Reiten. Ada Hegerberg er den første kvinne noensinne til å vinne den franske hedersprisen Ballon d'Or, gullballen. Sunndal kommune har tradisjon for å være samarbeidspartner når frivillige lag og foreninger har arrangement. I 2018 bidro kommunen bla under Hydro cup, NM i ketteball, Kaptein Drejers minneløp, hundeutstilling, kirkekonsert og den 23. utgaven av musikkspillet Lady Arbuthnott. Kommunen står også selv for en god del årlige arrangement som barnas verdensdager, barnas juledag, kulturcruise, fellesturer, byttedag, mm.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Med bakgrunn i gode erfaringer fra prosjektet "Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse" og fokus på medvirkning har kommunen videreført dette i blant annet arbeidet med reguleringsplaner. Det arrangeres nå tverrfaglige møter i forkant av planarbeid slik at viktige forhold blir avklart så tidlig som mulig. Det er gjennomført omfattende medvirkningsprosesser i forbindelse med utarbeidelse av ny samfunnsdel.

Sunndal deltar i "Sammen skaper vi fremtiden" -den gode oppveksteier 2040 i samarbeid med Nettverk Nordmøre. Arbeidet handler om hvordan skolen skal bli fremover. Arbeidet har bred involvering av elever, foreldre, ansatte, ulike samarbeidspartner og aktører i lokalsamfunnet.

"Fossenes rike" -magasin fullspekket av helsefremmende opplevelser i Sunndal.

7 Senior-konferansen "Leve hele livet"

En vakker høstdag i 2018 ga inspirerende foredragsholdere kommunens seniorer 70+, tips og råd for hvordan en kan forberede seg på en god og aktiv alderdom. I pausene fikk senioren anledning til å besøke de over 20 stands som hadde rigget seg til. Her fikk de møte kommunens planleggere, kulturskole, næringsliv, frivillige lag og organisasjoner, hverdagsmestring, sexolog, politikere, mm. En vellykket arena for medvirkning! 140 av kommunens seniorer tok turen til kulturhuset denne dagen, og 85 besvarte spørreskjema med evalueringsspørsmål om konferansen, synspunkt på hva Sunndal kommune bør jobbe med i årene som kommer og litt om egen situasjon ift. ensomhet ol. Dette er vi svært fornøyd med! Alle innspill fra konferansen tas med i kommunens kunnskapsgrunnlag for planlegging og utvikling. Konferansen ble godt mottatt fra både deltakere og utstillere.

Sunndal kommune har mange dyktige ildsjeler og gode rollemodeller for barn og unge innen idretten. På bildet er Ada Hegerberg på besøk hjemme i Sunndal for å møte unge og lovende fotballspillere.

"Det betyr mye for lokalsamfunnet, og for de som vokser opp i Sunndal å ha et forbilde som Ada Hegerberg. Når ungene her ser at en som er vokst opp og gått gradene i fotballmiljøet i Sunndal, faktisk kan bli verdens beste fotballspiller, da gjør det noe med dem" (Ordfører Ståle Refstie i intervju med NRK Møre og Romsdal) Foto: Driva

Innbyggartal: 7.800

Folkehelsekoordinator i 50% stilling:

Lars Petter Vemøy

E-post:

lars.petter.vemoy@sykkylven.kommune.no

Telefon: 480 71 747



Naturbarnehage – frå fiskesprellkurser – fiskeburger – nam! Foto: Blakstad



Kaia i Sykkylven.
Foto: Folkehelsekoordinator

1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Foreldreveiledning

Rettleiing og støtte til foreldre er satsingsområde. (Sjå punkt7).

Solid start

For barnehagane: Dette er eit omfattande prosjekt der målet er at barna skal utvikle grunnleggande motoriske ferdigheiter som fundament for læring.

Leikepatruljen

3 barneskular har leikepatrulje for elevane. Dette er i samarbeid med Lions Sykkylven som kostar årleg kurs.

Fagteam

Fagteam i skule og barnehage er tverrfaglege samarbeidsmøter. Målsetting er å sikre tidleg intervensjon og hjelp, og gi skule/barnehage og foreldre høve til tverrfagleg drøfting.

Helsestasjon for ungdom

Det er eit gratis helsetilbod til ungdom opp til 25 år. Tilbodet fylgjer skuleruta, og har ope ein ettermiddag kvar veke. Lege og helsesøster er til stades og kan dermed gi eit fullverdig tilbod.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Arbeidsmiljøundersøkelsen 10-faktor er gjennomført, og alle einingar jobbar vidare med dette i fellesskap og kvar for seg.

"MOT- til å glede" dagen vart arrangert 23.nov. "MOT elevane" møter opp på to fabrikkar tidleg om morgonen og ynskjer alle ein god dag, deler ut klemmar, gløgg og pepparkaker. MOT kommune sidan 2002.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Mange idrettstilbod

Kommunen har oppunder 30 ulike fysiske aktivitetstilbod for born, unge, vaksne og eldre, som ein kan vere med på i fritida. Dette spenner ifrå airtrack/turn til seniordans.

Dans for eldre

Sykkylven seniordans og Sykkylven frilynde ungdomslag driv aktivt med dans og førebyggjande aktivitet for eldre.

LHL Sykkylven

Arrangerer faste turar med turleiar ein gong i veka. Arrangerer også transport for dei som vil delta. Lavterskel – enkle turar. Arrangerer òg faste trimkveldar for menn og for kvinner i gymsal på måndagar.

Turkonkurransen "frå Fjøre til Fjells"

Opplegget har ført til auke i antall brukarar av turnettet. 650 deltakarar i 2018.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Planar

I vedteken planstrategi står utarbeiding av gang- og sykkelvegstrategi på programmet. Kommunen har behov for fleire gang- og sykkelstiar både på kommunale vegar og langs fylkesvegar.

Skular og barnehagar har god tilgang på uteareal og friluftsliv, og er flinke til å nytte seg dette.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Open Storhall

Ein rusfri ungdomsklubb i idrettshallen kvar fredag kveld frå 2000-2400. Dette er veldig populært og inntil 100-150 ungdommar samlast kvar gong. Målgruppe: Ungdomsskuleelevar. Natteravnordning organisert av frivilligsentralen. Foreldre til 8 klasser går turnus. Ungdommane brukar hallen til idrett og dans og forskjellige typar spel. Kiosksal og sosialt samvær.

Fønixhuset

(frivilligsentralen) samordnar mykje av den frivillige innsatsen i kommunen. Her blir det lagt til rette for fleire organiserte aktivitetstilbod for personar i alle aldrar og ulike kulturar. Fønixhuset er og ein naturleg møteplass for fleire organisasjonar i lokalsamfunnet.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Oversiktsarbeid folkehelse for Sykkylven ferdig hausten 2018. Brei samansett arbeidsgruppe inkl. kommuneoverlege.

Det heilskaplege og tverrsektorielle arbeidet på folkehelse er no bra og kan bli enno betre. Likeins kompetansen og kunnskapen om førebyggjande folkehelsearbeid.

Samhandling om UngData. Planlegging/gjennomføring av undersøking nr. 3, i 2020.

Godheitsveka – veka før påske. Samarbeid mellom kommune, kyrkja og frivillige. Fokus på å vere gode, hjelpsame og positive med kvarandre. Skular og barnehagar er med. Masse gode eksemplar frå lokalsamfunna i bygda.

7 Barn og unge

Fiskesprell kurs 1 og 2 gjennomført vår og haust, for alle tilsette i tre barnehagar i kommunen.

Foreldreveiledning

Kompetanseheving innan COS-P, ICDP og PMTO. COS-P (Circle og Security) er eit foreldreveiledningsprogram med målsetjing om å fremje trygg tilknytning mellom foreldre og barn. Trygg tilknytning styrker barn og er ein viktig beskyttelsefaktor. Barn har bruk for trygge vaksne for å kunne utvikla seg på ein positiv måte. ICDP er eit helsefremmande og førebyggjande program som har som mål å styrke omsorga og oppveksten for barn og unge. Det rettar seg mot foreldre og skal styrke deira omsorgskompetanse. PMTO (Parent Management Training) er eit individuelt behandlingstiltak for foreldre /foresatte med barn i alderen 4-12 år med atferdsproblem. Formålet med PMTO er å stanse, redusere eller forebygge atferdsvanskar hos barn ved å endre samspelet mellom foreldre og barn.

Innbyggertal: 3.102

Folkehelsekoordinator i 100 % stilling:

Marit brånås Aarflot (vikar)

E-post:

marit.branas.aarflo@tingvoll.kommune.no

Telefon: 469 46 127



Seminar for ungeMOTivatorer i Tingvollvågen. Foto: Vidar Karlsen



Tingvoll ungdomsråd 2018/19. Foto: Vidar Karlsen

1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Ansatt skolehelsesøter.

Frivillighetskoordinator i 50 % stilling

Kommunesamarbeid med Zippys venner, samt workshop.

MOT har gjennomført sitt program i skolene og har hatt jevnlig foreldremøter.

Skidag på Oppdal for kommunens ungdommer i regi av ungdomsrådet.

Gjennomført diverse aktivitetsdager for alle barnehager og skoler i kommunen.

Ungdomsskolene har deltatt i NM i skolelunsj.

Gjennomført Tine fotballskole.

Straumsnes barne- og ungdomsskole fikk vennebenk.

Vendepunktkampanje for ungdomsskolene (workshop ang. vold i nære relasjoner).

2 Helsevennlig arbeidsliv

Markering av verdensdagen for psykisk helse med eget møte på Tingvoll fjordhotell.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Tingvoll aktivitetssenter tilbyr dagtilbud til alle aldersgrupper. Fokus på gode måltid og fysisk aktivitet.

Kommunen har demenskoordinator i 20 % stilling.

Tingvoll kommune har et aktivt elderråd som har gjennomført flere arrangement for å fremme aktiv, frisk og trygg alderdom. De har gjennomført flere arrangement i regi av den kulturelle spaserstokken

Kløvertur/trim ved Straumsnes omsorgsenter og treningsgrupper "sterk og stødig".

Folkemøte om velferdsteknologi.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Utbygging av ny R70.

Iversetting av tettstedsutviklingsprogram for Tingvollvågen (parallelløppdrag). Stor mobilisering med flere folkemøter og "utekontor" der folk kan gi innspill.

Pilotprosjekt angående samlokalisering av kulturskole, bibliotek og Tingvoll videregående skole (pågår fortsatt).

StikkUt og StikkUt ski videreført. God aktivitet, og økt antall registreringer.

Flere turstier under opparbeidelse og ferdigstillelse.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjoner

UKM ble i 2018 gjennomført i Nesset kommune.

Gjennomført folkemøte og anående kulturminneplan på biblioteket.

Gjennomført flere info- og samarbeidsmøter med lag og foreninger angående utarbeidelse av spillemiddelsøknader.

Gratis Pizza og Kino-aften for ungdom i Tingvoll i løpet av kulturvekkå (regi ungdomsrådet). Mange deltakere, og positive tilbakemeldinger.

Gjennomføring av friluftsskole (28 barn og unge deltok) i Tingvoll.

Frivilligsentralen virker på tvers av næringsliv, kommune og frivillighet.

Arrangert 2 Frivillighetsforum.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Deltagelse i nettverksmøter for folkehelsearbeid i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Folkehelse- og kulturkoordinator i 100 % stilling.

Ansettelse av oppvekstleder i 40 % stilling.

Tingvoll kommune har fått prosjektmidler til å styrke kommunens helsestasjon og skolehelsetjenesten i 2018/2019.

Aktivt ungdomsråd som gir uttalelser i aktuelle saker som tas opp og som også tar opp saker på eget initiativ.

7 Barn og unge

Tingvoll kommune har Zippys venner, og gir barn i 1-4. klasse et veiledningsprogram som kan vise til dokumenterte resultater. Programmet har fokus på å styrking av motstandskraft og mestring hos barna.

Det er avsatt 60 % stillingsressurs i kommunen til psykiatrisk sykepleie til barn og unge.

Innbyggartal: 8.609

Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:

Kristine Dale

E-post:

kristine.dale@ulstein.kommune.no

Telefon: 476 69 373



Foto: Annika Brandal



Ein flott dagnadsgjeng som har stått på for å få alt klart til vår første sesong med StikkUT!
Foto: Anfrid Worren

1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

I 2018 vart Ulstein medlem i Sunnmøre Friluftsråd, som mellom anna medførte at vi i gjennomførte vår første StikkUT!-sesong!

MOT-arbeidet har stort fokus og høg aktivitet i kommunen vår, med ulike aktivitetar og arrangement. Ulstein vart i 2018 kåra til årets ungdomskommune i Møre og Romsdal.

Ulstein Arena hadde sitt første driftsår i 2018, til stor glede og nytte for barn og unge, med Ulsteinbadet, flott nytt bibliotek, klatrehall og idrettshall. Her har vore stor aktivitet og mange arrangement.

Verdsdagen for psykisk helse vart markert på ulike arenaer, der både barnehage, sjukeheim, barneskule, ungdomsskule, vidaregåande, tenesta for psykisk helse og rus, introdeltakarar, bibliotek, frivilligsentral, helsestasjon og kulturavdeling var involvert på ulike måtar. Ulsteinvik barneskule markerte ei heil veke, med mange ulike aktivitetar for elevane og tilsette med fokus på rausheit og skulemiljø. Foreldra vart involvert med foredrag om korleis styrke barn sin mentale helse, med Anne Hilde Lystad.

2 Helsevennleg arbeidsliv

Ulstein kommune er med på eit omfattande satsingsprosjekt over 3 år, for å styrke heiltidskulturen i kommunen. I regi av KS Møre og Romsdal og i samarbeid med aktuelle fagorganisasjonar og Ørsta kommune, har vi i 2018 gjennomført felles-samlingar, presentasjonar, ei rekke arbeidsmøter og jobba med å etablere felles forståing og haldningar for å styrke heiltidskulturen. Dette vil fremje eit helsevennleg arbeidsliv ved at fleire arbeidstakarar vil ha ei fast lønn som er stor nok til at ein slepp å "jage ekstravakter" og/eller vere avhengig av andre. Fleire i større stillingar vil gjere arbeidsdagen tryggare både for dei som arbeider fulltid og for dei som arbeider i reduserte stillingar, er vikar, lærling el.a. Det vil styrke kvaliteten i tenestene og dermed gi auka yrkesstoltheit for dei tilsette. Vi vonar også å sjå same effekt som på nasjonalt nivå: redusert sjukefråvær.

Kommunen starta også opp eit nytt tilbod om basseng-trening for gravide.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Arbeidsgruppa for aktivitetsvenn jobba i 2018 vidare med å skaffe fleire aktivitetsvennar for menneske med demens. Vi arrangerte eitt kurs, to erfaringsamlingar for aktivitetsvennar i samarbeid med Volda kommune, og deltok på ei nettverkssamling i regi av Nasjonalforening for folkehelsen. I dag har vi 8 aktive aktivitetsvennar, og nokre fleire som har meldt seg.

Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Ulstein sette ned ei arbeidsgruppe som i 2018 jobba med kvalitetsrformen "Leve hele livet", som skal setjast i verk frå 2019. Arbeidsgruppa har mellom anna gjennom dialogmøter lagt fram ein rapport med konkrete råd for korleis Ulstein kommune bør implementere reformen, basert på lokale behov, ressursar og utfordringar.

Treningsstilbodet Sterk og Stødig for pensjonistar, som starta opp i 2015, vart vidareført også i fjor, med jamnt godt oppmøte og god effekt både fysisk og sosialt for deltakarane.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

I 2018 merka vi ytterlegare 30 km med turstiar og turveggar, som er med på å auke tilgjengelegheita og seinke terskelen for å bruke fleire av dei flotte tur-områda vi har i kommunen. Det har samtidig blitt jobba med både rydding og merking av desse og fleire turar. Det jobbast også kontinuerlig med utbetring av stiar/turvegar og parkeringsplassar knytt til desse. Turvegen frå Gamleidet til Vikeskaret vart ferdigstilt, og forlenga over til Breifjellet.

På Lisjevatnet har vi fått opp nok ein Gapahuk, i eit samarbeid mellom kommune og frivillige. Denne vart opna i desember, og gjer det nye turvegnettverket i dei nære fjellområda til sentrum av Ulsteinvik enda meir attraktive.

I forlenginga av Nærmiljøprosjektet har ein fått på plass fleire utbetringar knytt til skuleområda i krinsane, og det jobbast det på for å få realisert meir. Det er både ballbingar, klatrevegg, sykkelbane, takoverbygg m.m. Vi har også fått på plass sykkel-parkering med overbygg på alle barneskular + sentrum.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Prosjektet knytt til inkludering i frivillig arbeid heldt fram, og vi laga m.a. ei brosjyre med informasjon om frivilligheita i kommunen. Føremålet med brosjyren er å informere om det breie organisasjonslivet vi har, med aktivitetar for ein kvar smak. Vi skildrar også kor verdifullt det frivillige er for lokalsamfunnet, og korleis frivillig aktivitet kan vere ei kjelde til nye vener, aktivitet, gode opplevingar m.m. Brosjyren er omsett til polsk, tigrinja og arabisk, og distribuert rundt i kommunen. Den inneheld også kontakinfo til dagleg leiar for frivilligsentralen og kulturkonsulent, for dei som ynskjer meir informasjon.

Avdeling for inkludering og mangfald står for mykje godt arbeid, og har mange faste og enkeltstående arrangement og aktivitetar. I 2018 hadde dei m.a. Bra matkurs for flyktingar i samarbeid med helsestasjonen, Foreldre-veggleiingskurs med tolk, fagdag om psykisk helse, ny kvinnegruppe i samarbeid med Sanitetslaga, minikonsert og møteplass under Smak av Ulstein, og internasjonal kafé.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Nærmiljøprosjektet vart vidareført også i 2018, der utvikling av sentrums-parken har vore fokus. Basert på ulike kartleggingar og innspel frå ulike brukargrupper vart det utført parallelloppdrag som resulterte i to skisser med forslag til utbetring av parken. Sentrumparken er også uteområdet til Ulsteinvik barneskule, og ligg mellom skulen og Ulstein Arena. Vi gjennomførte ulike medverknadsprosessar knytt til prosjektet, med brei involvering frå innbyggjarar, politikarar og ulike fagpersonar.

Gjennom verktøyet City planner, i samband med arealdelen, spurte vi kor og kva type turveggar/turstiar folk ynskja seg, både til Osberget, der ein jobbar med ein universelt utforma turveg, og til Hasundhornet, der ein gjørmete og våt sti treng utbetring.

Etter ei runde med innspel frå innbyggjarar, tilsette, lag og organisasjonar og politikarar, m.a. med ein informasjonsvideo og ein artikkel på nettsida og facebookside til kommunen, fekk vi fullført kartlegging og verdsetting av friluftsområda våre.

7 Samordna lokale rus- og iminalitets- førebyggjande tiltak (SLT)

Ulstein kommune starta i 2018 opp eit målretta rusog kriminalitetsførebyggjande arbeid for barn og unge gjennom SLT-modellen. SLT-koordinator vart tilsett i 50 % stilling, og arbeidet med å implementere modellen vart starta opp, i samarbeid med nabo-kommunen Hareid, Ulstein vgs, og Hareid og Ulstein lensmannskontor. Politirådet, som er felles for kommunane, og fungerer som styringsgruppe i SLT-arbeidet peika ut 4 satsingsområde som ein skal jobbe vidare med framover. Ei interkommunal og tverrfagleg samansett koordineringsgruppe vart etablert, bestående av tilsette frå begge kommunar på mellomleiarnivå. Gruppa har månadlege møter, der behov, ressursar og utfordringar knytt til satsingsområda vert diskutert. Vidare ser ein på moglege mål, strategiar og tiltak. Arbeidet har så langt resultert i ein handling-splan, som vil bli jobba vidare med i 2019 og i åra som kjem. Dette bidrar til betre samhandling på tvers av både fag og kommunegrenser.

Innbyggartal: 3.163

Folkehelsekoordinator i 50 % stilling:

Hanne Morseth

E-post:

hanne.morseth@vanylven.kommune.no

Telefon: 70 03 01 82 / 950 24 557



Foto: Marta Bøstrand



1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

I barnehagane i kommunen er dei mykje ute heile året, noko som stimulerer til å verte glad i uteaktivitet og i naturen. Det byggjer motorikk og skapar trivsel og folkehelse blant små og store. I tillegg dyrkar fleire barnehagar litt vekstar, poteter og rotgrønsaker som vert brukt i matlaging.

På skulen vert det lagt opp til trivselstiltak for elevane gjennom heile skuleåret; kantine, aktivitetar i fri-minutta, turar, både korte og lange, ulike festar med meir.

Helsesøster og utekontakt har faste tider på skulane. Annakvar fredag vert det arrangert ungdomsklubb. MOT står sterkt og det var igjen god deltaking på UKM i 2018.

Helsestasjonen har hatt kombinert helsesøster og familierapeut sidan 2017. Her rekrutterer ein brukarar frå dei som brukar tenesta frå før, der hensikta er å styrke familiarne med systemisk tenking for varig endring i høve problem.

Kommunen fekk i 2018 midlar i høve prosjekt rundt barn og unge. Det er søkt midlar for vidare arbeid med prosjektet.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Trivsel, samhold og det å sjå kvarandre er noko som vert trekt fram som fokusområde i dei ulike avdelingane i kommunen. Det vert lagt til rette for sosiale tilstelningar, turar og aktivitetar som styrkar samholdet.

"Vi har eit godt arbeidsmiljø med fokus på trivsel, takhøgde, latter og glede", sitat frå barnehage.

Det har vorte lagt til rette for trening i arbeidstida for tilsette.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Livsglede for eldre er eit nasjonalt prosjekt for å binde saman barnehage og dei eldre på institusjon. Solsikka barnehage har faste besøk på Vanylven omsorgssenter og kvar base har månadlege besøk.

Dei største barna besøker dagtilbodet, medan dei mindre går innom litt her og der. Barna har gule t-skjorter på seg når dei er på "jobb". Jobben er å vere gledesspredar; gjere kjekke ting i lag med dei på omsorgssenteret, om det er å lese ei bok, sjå på bilde, syngje, danse eller spele spel, leike osv.

Nokre gongar har dei ball eller ballongar som dei "spelar" ball med ilag med dei eldre, andre gongar perlar dei og lagar armband eller teiknar teikningar som dei eldre får. Det er fint for barna å få gi vekk desse gåvene.

Det er utruleg flott å få denne kontakta mellom dei små og dei eldre. Det er ikkje alle barn som har nokon eldre i si familie og det er utruleg rørende å sjå korleis dei eldre lyser opp når barna kjem på besøk.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Nettsida Vanylven fritid (www.vanylvenfritid.no) vart lansert i 2018. Her er det samla informasjon om aktivitetar i kommunen. Aktivitetane er sortert på ulike måtar. Ein kan leite på alder, bygd, type aktivitet, fjellturar og utstyr.

Det har i 2018 blitt utarbeida ein trafikktryggingssplan for Vanylven kommune, gjeldande 2018–2020.

Føremålet med planen er å få fram tiltak for å betre trafikktrygging for innbyggjarane i kommunen. Føringer som tryggleik, folkehelse og krav til universell utforming har vore vektleggde i arbeidet med planen.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Vanylven vart i 2018 medlem av BUA - Barn-Unge-Aktivitet. BUA fungerer som eit utstyrsbibliotek, der ein kan låne sport- og fritidsutstyr. Alle kan låne, sjølv om tilbodet først og fremst er retta mot barn og unge. I BUA kan ein låne utstyr for å teste forskjellige aktivitetar, sjå kva ein likar og kanskje finne ein aktivitet ein vil fortsette med vidare.

BUA Vanylven har utstyret fordelt på 5 ulike sentralar i kommunen; Syvde, Åheim, Rovde, Åram og Fiskå.

Biblioteket har i 2018 vore gjennom ei lita "fornyng". Det har vore jobba for å verte meir levande og brukt som møteplass. Det har vore fleire arrangement, til dømes med høgtlesing, forteljningar og musikk.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Vanylven kommune starta i januar 2018 arbeidet med Plan for barn og unge. Planen er bygt opp rundt tre fokusområde; demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling og folkehelse og livsmeistring. Arbeidet med planen har vore og er, ein pågåande prosess med brei medverknad og involvering.

Hausten 2018 starta arbeidet med helse og omsorgsplanen i Vanylven. På hausten 2018 og våren 2019 vil fokus vere på aldersgruppa 1 til 23 år i samarbeid med plan for barn og unge. Dette for å få ein heilskapleg plan for denne aldersgruppa.

Eldreplan 2018 - 2026 vart utarbeida av ei arbeidsgruppe samansett av politikarar, administrasjon, råd og utvalg. Denne planen har vore oppe til politisk diskusjon og godkjenning.

Vanylven kommune takka ja til å delta i Ungdataundersøkinga våren 2019.

Arbeidet med å revidere folkehelseoversikta for kommunen vart sett i gang.

7 Helsestasjon for ungdom

I Vanylven vart Helsestasjon for ungdom (HFU) opna i november 2018. Dette er eit gratis tilbod til ungdom mellom 13 og 20 år, med opningstid kvar tysdag mellom kl. 14.30 og 16.00. Her er det ope for alle i aldersgruppa og ein treng ikkje bestille time.

HFU har knytt til seg helsesøster, jordmor og helsestasjonslege slik at ungdomane som kjem vil møte trygge vaksne med god kunnskap og som er vande med å snakke om vanskelege og utfordrande ting. Utdeling og informasjon rundt prevensjon, testing for graviditet og seksuelt overførbare sjukdomar er hovudområdet til HFU.

HFU er likevel oppe for alle problemstillingar, og vil også ha fokus på andre viktige område, som psykisk helse, rus, stress, søvnevanskar med meir.

Ungdomsrådet i kommunen har vore delaktig i å fastsetje opningstider og bruk av Facebook gruppe til HFU, der det vert lagt ut aktuell informasjon.

*Ungdomsrådet og helsesøster Oddbjørg Vik Nordal er glade for å ha starta Helsestasjon for ungdom i Vanylven.
Foto: Veslemøy Ervik*

Innbyggartal: 6.536

Folkehelsekoordinator i o % stilling:
Hege Haugen - ansvarleg for rapporteringa

E-post:
hege.haugen@vestnes.kommune.no

Telefon: 71 18 42 13 / 928 19059



Barnas Turlag vart etablert i Vestnes i 2018. Foto: Karianne Bergset Austnes



Stikk UT Salthammrsetra.
Foto: Karianne Bergset Austnes

1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Kurs i babysvømming.

Full rolle på frivillig-sentralen. Ein uformell møtestad for dei som er heime med baby.

Stikk UT! turar som er tilrettelagt for barnevogn, og tur med små born.

Barnehagebibliotek er oppretta i to barnehagar.

Barnehagane har:

- MiniRøris.
- Fokus på tannpuss og sunt kosthald.
- Vasstilvenning for førskulebarna i tre av barnehagane.
- Fokus på aktivitet og kvile
- Inne og uteaktivitetar til alle årstider.
- Førstehjelp for førskuleborn.
- Kommunal og lokal plan for overgang bhg-skule.

Grunnskolen har: "Det er mitt val"- eit haldningsskapande klassemiljøprogram. Trivselsleiarordning i alle grunnskulane. Helsestasjon for ungdom.

Vestnes er ein MOT-kommune.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Vestnes kommune er ei IA bedrift.

Kommunen gir tilbod om gode rabattordningar på treningssenter - som eit HMS tiltak.

Møteplassen er eit oppfølgingstiltak for sjukemeldte arbeidstakarar.

Kurs i mestring av belastning (KIB), i regi av IA. Arbeidsgjevar kan søkje inn tilsette til kurs. Dette gjeld både arbeidstakarar som står i fare for å bli sjukmeldt og dei som er sjukmeldt.

Snakkbart - arrangement på folkebiblioteket. Ei arrangementspakke som er utvikla av Vestnes folkebibliotek og som har fysisk og psykisk helse som tema. Samarbeider med helsestasjon, psykiatri og andre helseaktørar for å sikre eit relevant innhald.

Kompetanseheving ved samling for alle kommunale leiarar og mellomleiarar i regi av KS-Konsulent - tema: Mestringsorientert leiing.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Aktivitetssener for demente. Kursing av aktivitetssener som er kopla saman med ein person med demens.

Kulturkafé for eldre ein gong i veka med mellom anna sittedans som ein av aktivitetane.

Fleire Stikk UT turar er tilrettelagt for rullator.

Gåtur for alle arrangeres ein gong i månaden med organisert samkøyring til ulike turmål.

Kulturskolen har sangstunder i fire eldreinstitusjonar i kommunen.

Kulturskolen 60Pluss har hatt tilbod om ulike aktivitetar for godt vaksne deltakarar.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Folkehelseperspektivet skal vere framme i all planlegging/prosjektering og utbygging i kommunen.

Ein vil arbeide for bygging av gang og sykkelvegar, syte for gate/vegbelysning slik at aktivitet kan oppretthaldast og i den mørke årstida.

Ein vil sørge for sikker ferdsel gjennom snøbrøyting og sandstrøing.

Det vert arbeid for å tilrettelegge for parkeringsplassar ved utfartsområde, og etablere toalettloysingar til disse.

Hageområdet rundt frivilligsentralen er ei perle for små og store i kommunen.

To nye turvegar er opprusta og ferdigstilte i 2018. Det gjeld Skorgen/Kjellbotn og Rypdal/Øvstedal.

Tomrefjord idrettsbygg vart ferdig renoverert og opna for publikum i november 2018.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Kommunen har eit rikt organisasjonsliv som gjennom sine aktivitetar og møteplassar bidreg til betra folkehelse, til innbyggjarar i alle aldrar.

Nytt av året er etablering av Barnas Turlag.

Det er fleire gode møteplassar for integrering. Vi nemner: Språkkafé, Biblioteket, Ung Kultur Møtes, Frivilligdagen, og fleire andre arrangement.

Utstyrssentralen er i drift på frivilligsentralen, der alle kan låne friluftstutyr gratis. Den bidreg til at fleire kan vere fysisk aktivt ute.

Lag og organisasjonar arrangerer fellestarar.

Kulturskolen sitt motto er "kulturskule for alle" Kulturskolen står for opplæring som vidare bidreg til deltaking i det frivillige kulturlivet.

Kommunen støtter dei lokale skulekorpsa ved å dekke 50% av utgiftene til dirigenteneste.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Folkehelsearbeid står på agendaen i alle einingane i kommunen.

Frivilligsentralen koordinerer Stikk UT!

Med rapporten: "Kulturliv og frivillighet som integreringsarena i Vestnes Kommune" som grunnlag, har vi hatt jamnelege møte mellom Kulturskolen, Frivilligsentralen, Biblioteket, Flyktningtenesta og Vaksenopplæringa.

Målet er at dette skal resultere i bette heilskapleg integreringsarbeid i kommunen.

7 Folkehelse tema i Eining for Kvalifisering og integrering

Alle lærebøkene som blir nytta i vaksenopplæringa har kapittel som omhandlar helse og kosthald.

Flyktningtenesta har egne tema om kosthald, fysisk aktivitet, seksuell helse og psykisk helse i introduksjonsprogrammet.

Deltakarane blir også tatt med på tur slik at dei skal bli kjend med turmulighetene i nærområdet.

Det er trimgruppe for innvandrarar i samarbeid med Vestnes Varfjell idrettslag.

Målet er at innvandrarane skal fortsette med aktivitetane dei blir introdusert for etter dei har gjennomført kurs.



Åpning av ny tursti gjennom Elvadalen Foto: Joakim Rødven



Stadionparken inneholdt ulike treningsapparat, ballbinge, klatrepark, skatepark, sykkel- og turvegar, lysanlegg og sitjeplassar.

Foto: Even Rotevatn

1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Volda kommune har utfordringar når det gjeld psykisk helse i alle aldrar. Ungdata-undersøkinga og etterspurnaden av tiltak til barn og familiar viser det. I barnehage og på helsestasjonen er det satsa på kompetanseheving gjennom "Voldaprojektet" og programmet "Tidleg Inn". Det er utarbeidd rutinar for tidleg oppdaging og innsats ved vanskar rundt psykisk helse, rus og vald. I helsestasjonen er det gjennom prosjektmidler tilbud om heimebesøk av jordmor innan 48 timar etter utskriving.

Andre tiltak:

- Program på alle klasseteg i skulen for å forebygge psykisk uhelse (mellom anna "Zippys venner" og "Smart oppvekt")
- Det er etablert ressursteam som kan nyttast når foreldre treng råd om veggen.
- Det er etablert samarbeid mellom skulehelsetenesta og fysioterapeut om forebyggjande tiltak.
- Helsestasjon og barnehage har utarbeidd kosthaldsplan for barnehagane
- Minoritetshelseteam

2 Helsevennlig arbeidsliv

Volda kommune har ei overvekt av offentlege arbeidsplassar innan sørvistnæringer, helse, barnehage, skule og høgare utdanning. Merksmd på folkehelse er gjennomgåande i kommuneplanen sin samfunnsdel. I Volda kommune sin eigen organisasjon er det eit vedteke mål at tilsette skal oppleve eit godt arbeidsmiljø og sjukefråværet skal reduserast.

Strategiar for kommunen:

- Faglege og sosiale møteplassar på tvers av sektorar
- Tilby leiarutvikling
- Sikre nødvendig kompetanseheving og legge til rette for eit utviklande arbeidsmiljø.
- Tilby eit introduksjonsprogram for alle nyttilsette
- Jobbe med nærver, prioritere sjukefråværsoppfølging
- Vidareutvikle prinsippet i IA-avtalen om eit ope og inkluderande arbeidsliv.
- Dei grunnleggjande verdiane for Volda kommune er:
Raus
Modig
Kompetent
Lærande

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

- Dagsentertilbod for eldre – fokus på fysisk aktivitet, ernæring og ein trygg kvardag.
- Demensteam
- Eldretrimmen – trim for dei over 60
- Fallførebyggjande tiltak
- Frivilligkoordinatorane jobbar inn i mot einsame eldre der eit av satsningsområda er Aktivitetsvenn, besøkshund m.m.
- Førebyggjande heimebesøk utført av ergoterapeutane og heimetenesta til dei som fyller 80 år.
- Frisklivssentralen Aktiv i Volda (FLS) blei gjenåpna 1. september 2018 etter eit år utan aktivitet. FLS tilbyr rettleiing innan fysisk aktivitet, kosthald og tobakksbruk og er eit tilbod for alle bebuarar i Volda over 18 år. Det arrangerast fire gruppetreningar kvar veke: Friskliv Spinning, Friskliv Styrke, Friskliv Intervall og Friskliv Ute.
- Kvardagsrehabilitering – bu lengst muleg, best muleg i eigen heimkvardagsmeistring.
- Kampanjen "Demensvennlig samfunn"
- Velferdsteknologi
- Stikk UT! blei arrangert for fyrste gong i 2018 og hadde 10 turmål fordelt utover heile kommunen.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

- I 2018 har Volda kommune fullført kartlegging og verdisetjing av friluftsområda i kommunen og integrert desse i Naturbase.
- Turstien frå sentrum til badeplassen ved Årneset blei ferdigstilt i 2018. Det har blitt bygd bruer og turveganlegg mellom Volda sentrum og Presteholmen i Elvadalen med tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune og spelemidlane. Turvegen blei opna i mai 2018 og turmålet "Elvadalen til Årneset" var den mest populære Stikk UT-turen i Volda i 2018.
- Stadionparken, ein aktivitetspark ved Volda stadion med eit mangfalt av aktivitetstilbod, blei ferdigstilt og offisielt opna i september 2018. Stadionparken er eit samarbeidsprosjekt mellom Friluftsföreininga Volda, VTI Alliansen og Volda kommune.
- Kommunen fikk innløypt eit sentrumsnært friluftsområde på Andaneset på omkring 20 mål – Fleire prosjekt med merking og skilting av turstiar i kommunen er gjennomført i samarbeid med Friluftsföreininga Volda og andre.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Volda sitt kulturliv kviler i hovudsak på det store og mangfaldige organisasjonslivet, som legg til rette for at heile befolkninga i kommunen har høve til ei aktiv fritid. Det kommunale kulturarbeidet har arbeidd mot utansatsingsområde; dette kjem til uttrykk ma. gjennom

- Eit aktivt og inkluderande bibliotek
- Frivilligsentral
- Kulturskulen

Festivalane i Volda er gode møtestader, og er inkluderande for innvandrarak som trass i manglande norskkunnskapar her kan bidra.

I oktober 2018 blei "Øyralangs" arrangert for fyrste gong. På den nye turstien frå Årneset til Volda sentrum blei det invitert til ei "kulturell lysvandring" med musikk, dans, drama, kunst og ulike installasjonar. Arrangementet hadde stort frivillig engasjement og høge besøkstal. Vi håpar dette blir ein fast tradisjon.

Frivilligsentralen starta opp arbeidet med å etablere ein utstyrssentral som skal stå ferdig i 2019.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Folkehelsearbeidet har i Volda kommune vore drive planmessig og sektorovergripande i mange år. Folkehelsekoordinator har vore ei heilt sentral og drivande kraft i koordineringsarbeidet i kommunen. Dei siste åra har det vore vakanse i stillinga som folkehelsekoordinator, men i mai 2018 fikk Volda kommune ny frisklivs- og folkehelsekoordinator.

Folkehelsekoordinator er fast deltakar i administrativt planforum som er eit tverrsektorielt møteforum med deltakarar frå rådmannen sin stab, sektor for utvikling, teknisk sektor, landbruk, barn og unge sin representant i plansaker, kommuneoverlege, teknisk avdeling og næringsforum.

Volda kommune har deltatt i utviklingsprosjektet "Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse". Vi har valt å fokusere på barn og medverknad og i 2018 har fokuset vore spesielt retta mot leike- og aktivitetssområda i kommunen. Sjå meir om dette under pkt. 7.

7 Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse

I prosjektperioden har vi i samarbeid med Høgskulen i Volda fått kartlagt leikeplassane i kommunen i ein kartdatabase. Leikeområda som er større enn 1500m² har blitt definert som kvartalsleikeplassar og det har blitt gjort ein studie på kor mange barn i Volda som bur mindre enn 300 meter unna ein kvartalsleikeplass. Dette har ført til at ein har kome med eit framlegg til tre nye areal som bør settast av til leikeplass i kommunen sin arealdel for å sikre at alle barn har maks 300 meter å gå til næraste kvartalsleikeplass.

I 2018 blei det gjennomført barnetrakkregistreringar på fire skular i Volda og eit medverknadsprosjekt med både tilsette, foreldre og barn i Mork barnehage. Desse, og andre medverknadsprosjekt, har gitt kommunen kunnskap om kva område barn og unge i Volda nyttar på fritida og kva dei ser på som kvalitetar ved uteområda. Dette har ført til at ein har utarbeida dokumentet "Rettleiar for leike- og aktivitetssområda" som inneheld kommunen sine krav og retningslinjer knytt til leike- og aktivitetssområda.



Mykje folk på Ørskogdagen. Foto: Gunnhild Todal



Trim og leik for alle på Måsøyra aktivitetspark
Foto: Tor Harald Langø

1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Barnehagane er med på "Opp og fram" - eit treårig prosjekt i regi av nye Ålesund. I samarbeid med Høgskulen i Volda vil ein drive barnehagebasert kompetanseutvikling. Første tema for barnehagane i Ørskog er "Livsmeistring"

Nye Ørskog skule vart tatt i bruk frå aug. 2018 for heile kommunen. Elevar og tilsette har fått eit moderne og funksjonelt bygg tilpassa nye pedagogiske og helsemessige normer og føringar. Skulen har gode tilrettelagte lokale for skulehelsetenesta. Prosjektmidlar har bidratt til auka kapasitet og tilgjenge i skulehelsetenesta gjennom auka stilling for helsesjuekleiar.

Ørskog kommune er inne i andre året med prosjektet "Systematisk identifisering og oppfølging av utsette barn som lever i familiar med rus og/eller psykiske helseutfordringar".

Ungdomsklubben er moderne, godt utstyrt og i god utvikling. 50-70 ungdomar brukar klubben kvar fredag. Juniorklubb er under etablering og det er aukande deltaking blant barna.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Ørskog kommune gjennomfører eit godt systematisk HMS - arbeid for å ivareta alle dei flotte tilsette i organisasjonen.

Gjennom kontinuerleg arbeid med oppfølging av IA-avtalen, sjukefråvær, nærvær og førebyggjande tiltak sikrar vi eit godt arbeidsmiljø, dei tilsette si helse og høg grad av trivsel.

Det vert kvart år utført medarbeidarundersøkingar som vert fylgt opp i tenesteområda og gjennom kvalitetssamtalar med rådmannen.

Kommunen har frå 2018 utvikla og tatt i bruk e-læringsprogram for nyttilsette.

Ørskog kommune deltok som StikkUt bedrift i 2018. Fleire tenesteområder organiserte fellesturar for tilsette.

Ørskog kommune har saman med Stamina Helse gjennomført fleire temakurs, bl.a. stressmeistring, endring og omstilling i samband med omstillingsarbeid for overgang til nye Ålesund.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Kvar veke arrangerer kommunal fysioterapeut felles trim for eldre som bur i omsorgsbolig, samt for bebuarar ved sjukeheimen.

Den kulturelle spaserstokken er viktig for å få profesjonelle utøvarar til institusjonane i Ørskog. Musikken gir alle stor glede.

Babytreff har blitt arrangert ved busenter og sjukeheim. Fint tiltak at eldre og unge får tilbringe tid saman.

Ørskog er demensvenleg kommune. Pårørendeskule for demente vart gjennomført med god deltaking hausten 2018. Arrangør var Ørskog kommune og Demensforeininga for Ørskog og omegn.

Eldre menn har fast møteplass på Frivilligsentralen alle kvardagar. Dette er svært sosialt og mange interessante diskusjonar går føre seg.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Gangvegen frå Haukåsen til Amdam er ferdigstilt. Mange fleire av elevane kan no gå eller sykle til skulen.

Det er også lettare for barn og unge å kunne delta på fritidstilbod i sentrum. Vegen er også til stor nytte som helsebringande tiltak for vaskne som sykklar eller går på ein tryggare måte.

I sentrum er det gjort eit viktig arbeid med å legge til rette for tryggare ferdsel med gangfelt for mjuke trafikantar frå nord og heilt syd til skulen. Nytt gangfelt er merka syd for undergangen. Undergangen er utbetra med lys og varme i dekket. Kartlegging av universell utforming vart utført i samarbeid med Statens kartverk. Hindringar er fjerna i gangfelt og dumpar er retta opp. Nye, fine blomsterkassar er set opp for å skille gate og gangveg. Utbetringane vil kunne auke talet på gåande og syklane på Sjøholt.

Måsøyra aktivitetspark er blitt ein flott leike- og treningspark for folk i alle aldrar. Nærleiken til fjøra har gjort at mange familiar legg turane sine dit.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Vi har mange aktive lag og organisasjonar i Ørskog som legg ned eit stort arbeid for alle i kommunen. I samarbeid med personalet arrangerer Ørskog Bygdekvinnelag og pårørandeforeninga ved sjukeheimen t.d. kafè, julebord, julebakst, bingo og konsertar på Steinholt og sjukeheimen.

FERIEGØY når mange barn og familiar som får vere med på spanande, gratis ferieaktivitetar saman. Her blir dei kjent med nye menneske og ny aktivitet. Feriegøy har vore på Moldebadet, Klatreparken i Valldal, Dale gruve osv. Ørskog Røde Kors gjennomfører aktivitetane i samarbeid med Frivilligsentralen og flyktningetenesta i Ørskog.

Ørskog Frivilligsentral dekkjer også eit ønske om å bidra for dei som er utanfor organisasjonslivet. Mange sit med gode idear bl.a. for å skape møteplassar etter interesser t.d. strikkearrangement, innsamlingsaksjonar, rydding, vedlikehald og dugnad på Elvastien og StikkUT,

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Folkehelsekoordinatorane i Nye Ålesund har hatt tettare samarbeid i 2018 med fleire felles møte. Vi har hatt fokus på organisering av tenestene i ny storkommune og planlagt ei felles, digital folkehelseoversikt. Det har vore lærerikt på mange område.

Ørskog kommune har i samarbeid med Friluftsrådet registrert og verdset friluftsområda i Ørskog. Informasjonen vert lagt inn i Kartverket og vil vere nyttig i framtidig planarbeid.

7 Tettstad- prosjektet

Det vart gjennomført eit tettstadprosjekt for Sjøholt sentrum med brei medverknad i heile prosessen. Det har vore ope sentrumskontor, fleire dialogmøter og tre folkemøter med over 100 engasjerte framtmøtte på kvart av dei. Det har også vore eigne møte med ungdommen sitt kommunestyre, workshop med ungdomsskulen og med barnehagen. Dei som bur her har god lokalkunnskap, historieforståing og stort engasjement for lokalmiljøet sitt. At innbyggjarar i alle aldre blir inkludert og høyr i slike prosessar er svært viktig for å finne dei beste løysingane. Medverknad vil vere ein svært viktig ressurs også i den vidare lokale planlegginga.

Ein direkte konsekvens av medverkinga med ungdomsskulen var å setje opp stupebrett ved badeplassn Skråvika, Stupebrettet styrka bruken av badeplassen og skapte ny aktivitet.



Foto: Marius Beck Dahle



Svendsenhagen i Ørsta sentrum med buldrevegg
Foto: Marius Beck Dahle

1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Ørstabarnhagen:

– Utarbeidd mange ulike styringsverktøy.
– Den lokale rammeplanen aktivt brukt.

Ørstaskulen:

– Ny Plan for trygt og godt skulemiljø.
– Skulering av tilsette: Innsatssteam mot mobbing, alle skular og kommunalt.
– Miljøterapeut ved dei to største barneskulane, med i innsatssteama mot mobbing.
– Nytt Bufdir-prosjekt knytt til LOS/amb.team

Skulehelsetenesta:

Fast tid på skulane.

Frisklivssentralen for barn og unge fekk midlar med Fylkesmannen til vidareutvikling. Styrkt samarbeid med skulane og auka samarbeid med Ørstabarnhagen knytt til systematisk arbeid med fysisk aktivitet og kosthald.

”Draumesomar” i to veker, som er eit gratisstilbod for barn som ikkje reiser på ferie.

Brann og redning: Brannopplæring og Førebyggjande seilas med alle på 6. trinn. Open dag på brannstasjonen.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Kommunen tek del i pilotprosjektet Heiltidskultur med Hjørundfjordheimen, Bu og habilitering og Barnas Vel barnehage. Kunnskap og erfaringar frå prosjektet skal breiddast ut til heile organisasjonen under namnet Saman om heiltidskultur.

Gneist-gruppene (einingsleiar, plassverneombod og plasstillitsvalt) er vidareutvikla som ein arena for leing, utvikling og medverknad. Dei er sentrale for ei felles forståing for heiltidskultur, arbeid for nærvær, HMT-plan og vidare arbeid med 10-FAKTOR.

Den overordna trepartsgruppa Kveik (folkevalde, tillitsvalde og leing) er styringsgruppe for dei store, overordna prosjekta og prosessane, heiltidskultur og innovasjon.

Samarbeid med Ørsta Næringskontor om alkovett knytt til julebordfeiring.

Stikk UT! bedrift

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Brann og redning:

– Markering av røykvarslardagen 1. desember med stand på Amfi, utdeling av batteri til røykvarsjar og informasjon om brannvern.
– Under brannvernveka fekk nokre tilsyn om branntryggleik i heimen.
– Brannøving gjennomført fleire gongar i løpet av året på Hjørundfjordheimen, Ørstaheimen og BakkOla-marka.

Den kulturelle spaserstokk:

Kulturformidling for eldre i institusjonar eller ved egne arrangement.

Demensvenleg samfunn og demensteam.

Farkvamen barnehage og Ørsta vidaregåande skule er knytt til folkehelse organisasjonen Livsglede for eldre. Fire avdelingar ved institusjonen Ørstaheimen er med på prosjektet. Kvar avdeling får besøk ein fredag i månaden. Det vert rapportert om glede og engasjementet i ansikta til alle generasjonane.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Politisk vedtak om ny skule for 5.–7. trinn i sentrum og nytt fellesbygg for barnehage og skule på Sæbbø.

Oppfølging av prioriterte tiltak i trafikktryggingssplanen.

Reguleringsplanen for Ørsta sentrum under utarbeiding med fokus på eit helsefremmande sentrum.
– Ferdigstilling av Svendsenhagen med buldrevegg og universelt tilrettelagde stiar.

Ny universelt tilrettelagd bussterminal med venterom, toalett, bil- og sykkelparkering.

Bygging av ny fleirbrukshall på 8500 m² er i sluttfasen.
– Hallen vil ha potensiale for store meisterskap både nasjonalt og internasjonalt i idrettane handball, klatring, bordtennis og basketball. Også arrangement for andre idrettar og uorganiserte.

Ørstabarnhagen: Lokal plan for kultur, natur og miljø. Bruk av Mymaps der turmål og aktivitetar i nærmiljøet vert lagde inn.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar

Kommunen vart medlem i Sunnmøre Friluftsråd

Vi vart med på Stikk UT!

Tilskot på kr. 125 000 frå Bufdir til vidareutvikling av kommunal utlånsentral.

Kommunen samarbeidar med frivillige organisasjonar.

Døme på det er:

- Tilskot til nærmiljøanlegg.
- Kulturtilskot.
- Merking og skilting av friluftsruter.
- Stikk UT! turmål.

Samarbeid med Ørsta skisenter. Tilskot på kr. 350 000.

Utarbeidd forvaltingsplan for statleg sikra friluftsområde. Nytt område: Badeberget ved Hovdevatnet. Har søkt og fått midlar.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Ny kommunedelplan for levekår ”Trivsel for alle”.

Planen har eit mål:

Gode levekår i alle livsfasar.

Eit hovudgrep:

Samskaping

Tre strategiar:

1. Helsefremjing og førebygging
2. Tidleg innsats
3. Universell utforming som strategi.

Tverrfagleg leiarnett for barn og unge har fokus på strategisk drøfting, samfunnsutvikling og systemperspektiv. Møtast ein gong i månaden.

Første år som Av-og-til lokalt kommune. Hovudmålet er å redusere dei negative konsekvensane av alkoholbruk der det kan vere farleg eller gå ut over andre.

Brannvernopplæring av flyktningar.

God helse spalte i lokalavisa Møre Nytt: Tverrfagleg opplysningsspalte for kommunehelsetenesta og folkehelsearbeidet i Ørsta.

7 Prosjektet ”Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse”

Siste prosjektåret. Nøkkelorda er barn og unge, medverknad og metodeutprøving.

Til saman har vi gjennomført seks delprosjekt knytt til tre hovudtema: Ørsta sentrum, UngData, Innovasjon og utvikling.

Kunnskapen vi har fått om faktorar som fremjar trivsel og livskvalitet hos barn og unge i alderen 4–19 år:
– Tilrettelegging for uorganisert fysisk aktivitet og uformelle sosiale møtestadar
– Trivelege omgjevnadar med blomar og grøntareal.
– Trygg og funksjonell infrastruktur for gåande og syklande.
– Godt busstilbod.
– Inkluderande psykososialt miljø både i skule- og fritida.

I delprosjektet knytt til uteområde ved ny Ørsta VGS samarbeidde Ørsta kommune med Høgskulen i Volda og eit konsulentfirma.

Ålesund kommune

Innbyggartal: 47.510

Folkehelsekoordinator i 100 % stilling:

Ingvill Karin Aarskog Holmen

E-post:

ingvill.karin.aarskog.holmen@alesund.kommune.no

Telefon: 454 18 869



Foto: Anette Pettersen, Ålesund kommune



Vinnere av StikkUt!
bedrift-prisen 2018.
Foto: Ålesund kommune

1 Samfunns- utvikling for ein god start i livet

Ålesund kommune fekk i 2018 tildelt midler fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal til svømmeopplæring for barnehagebarn. Dette ble tatt godt i mot av barn og foreldre som har gitt mange og gode tilbakemeldinger på at dette er et supert tiltak!

Mange barn som i utgangspunktet var redd for å være i vann har blitt trygge på å flyte og å være i vann. Det har vært en fantastisk progresjon i løpet av kursene.

Tilbudet ble gitt i et nært samarbeid med Moa svømmehall og dyktige instruktører der. Svømmeklubben i Ålesund har også gitt tilbud om dette. Tilsammen har 573 førskolebarn i Ålesund født i 2013, gjennomført svømmeopplæringskurs i 2018/19.

2 Helsevennlig arbeidsliv

Ålesund kommune var for første gang i 2018 med som deltager i Stikk-ut bedrift. Det viste seg å være utfordrende å finne en god praktisk løsning for registrering i Stikk-ut bedrift, siden kommunen har svært mange virksomheter og over 3500 ansatte.

Likevel vart en av virksomhetene i kommunen den mest aktive stikk-ut bedriften i hele fylket. Dette var virksomhet Arbeid og aktivitet, som hadde gjennomført 806 turer fordelt på 5 aktive ansatte! De fikk derfor tildelt aller første StikkUt!-pris fra Ålesund kommune.

3 Samfunn som fremmar aktiv, frisk og trygg alderdom

Aktivisering og velferd i Ålesund har laget et svært variert og godt tilbud til seniorerne i kommunen.

I samarbeid med Sunnmøre museum er det opprettet et flott samarbeid der demente i tidlig fase er med på å utføre dugnadsarbeid ved museet. Det er også opprettet turgrupper for personer med hukommelsesproblemer

Klar, ferdig, gå! er et tursamarbeid mellom Virksomhet aktivisering og velferdstjenester, og Ålesund og Sunnmøre Turistforening. Det arrangeres turer en gang hver måned i perioden april-oktober for mennesker i ulik alder og fysisk form.

Ved Klipra seniorsenter er det malegruppe hver mandag og senioruniversitetet i Ålesund arrangerer ulike studieringer ved Spjelkavik seniorsenter med både språkkurs, datakurs, samfunnsgruppe og fotokurs.

4 Trygt og helsefremmande fysisk miljø

Ungdomsskolene i Ålesund fikk tilbud om å delta i sykkelkampanjen U-go! Målet her var å få flere elever til å sykle, gå eller skate til skolen. Det var ikke alle skolene som var aktive deltagere, men den mest aktive skolen Møre ungdomsskole fikk tildelt flere flotte premier, deriblant klatring i Buldrehallen og tur med Borgundknarren.

Trygge skoleveger er viktig for å unngå ulykker og skader. Det er også viktig for å stimulere barna til å være fysisk aktive til og fra skolen.

Det er utarbeidet en egen trafiksikkerhetsplan for Ålesund kommune. Her er det analysert trafiksikkerhet rundt alle skolene, og en handlingsplan for å utbedre farlige punkter og strekninger. Det er gjennomført flere tiltak, men det er dessverre flere tiltak som gjenstår.

5 Inkludering og deltaking i kultur og frivillige organisasjoner

Detlagelse i kulturlivet skaper felleskap, fremmer trivsel og helse, og kan bidra til sosial utjevning og inkludering.

Det er over 300 frivillige lag og organisasjoner i Ålesund. Dette er en viktig ressurs for kommunen.

LHL åpnet høsten 2018 trimpark på Tuneset som de kaller "Helsetrim i friluft". Her har de blant annet fått til samarbeid med voksenopplæringen i kommunen som har hatt trimgruppe med innvandrerkvinner høsten 2018. Dette var et flott inkluderingstiltak som vi håper fortsetter videre.

Nasjonalforeningen for folkehelsen i Møre og Romsdal, delte på sensommeren ut pris til Aksla Velforening for kjemp flott innsats i arbeidet med å tilrettelegge stier, gapahuker og trimpark på Aksla.

Dette er bare noen få av en rekke eksempler på alt det flotte arbeidet som frivillige organisasjoner gjør for å legge til rette for god folkehelse kommunen.

6 Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid

Det ble i løpet av 2018 utarbeidet et oppdatert oversiktsdokument over helsetilstand og påvirkningsfaktorer i Ålesund kommune. Kommunen deltok i et nettverkssamarbeid med KS og 6 andre kommuner i fylket. I dokumentet ble det for hvert område trekt frem både utfordringer, samt ressurser og styrker kommunen har med tanke på folkehelsearbeid.

Det ble deretter gjennomført et prosessmøte med et tverrsnitt av kommunens virksomheter og frivillige organisasjoner, der de var med å prioritere hvilke folkehelseutfordringer som særlig må prioriteres. Dette ble sammenfattet i fire hovedpunkt:

- fremme psykisk helse
- fremme fysisk aktivitet
- utjevne sosiale forskjeller
- fremme bedre levekår i Ålesund sentrum, Aspøya og Skarbøvika

Ålesund kommune er nå i en fase med kommunesammenslåing. Det er akkurat nå svært usikkert hvordan folkehelsearbeidet vil bli prioritert og organisert i den nye kommunen.

7 Psykisk helse

Gjennom arbeidet med folkehelse rapporten, kom det frem at det mange ungdommer i kommunen opplever psykiske utfordringer. Flere enn landsgjennomsnittet oppgir at de er ensomme og føler at alt er et slit. Ressursbasen i Ålesund har en rekke tilbud til barn og unge og deres familier. Det er likevek et tydelig behov for flere tiltak som fremmer barn og ungdom sin psykiske helse og forebygger psykisk uhelse.



**Møre og Romsdal
fylkeskommune**

Fylkeshuset, 6412 Molde
Telefon 71 28 00 00
post@mrfylke.no
mrfylke.no